



KVINNHERAD
KOMMUNE




Foto: Olav Nerhus Hatteberg

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2017

Innhald

1. Føreord.....	5
1.1 Samfunnsutvikling.....	6
1.2 Investeringar og nyanlegg.....	8
1.3 Interkommunalt samarbeid.....	9
1.4 Organisasjon.....	11
1.4.1 Arbeidsmiljø.....	11
1.4.2 Rekruttering.....	12
1.4.3 Kompetanse- kvalitetsutvikling.....	12
1.4.4. Pensjon/AFP.....	12
1.4.4 Sysselsetjing /arbeidsutprøving.....	12
1.4.5 Likestilling - likeløn.....	12
1.4.6 Lærlingar.....	13
1.5 Felles prosjekt og satsingar i organisasjonen.....	13
1.5.1 Bustadplanen.....	13
1.5.2 Betre tverrfagleg innsats.....	13
1.5.3 Tidleg innsats.....	14
1.5.4 Barnefattigdomsprosjektet.....	14
1.5.5 Trafikksikker kommune.....	15
1.5.6 Delegasjonsreglementet.....	15
1.5.7 Regionsenteret Husnes.....	15
2. Kommunen som verksemd.....	15
2.1 Folkevalde.....	15
2.2 Administrasjon.....	16
2.3 Sektor oppvekst.....	18
2.3.1 Om sektoren.....	18
2.3.2 Barnehagane.....	19
2.3.3 Skulane.....	23
2.3.4 Kulturskulen.....	25
2.3.5 Bibliotek.....	25
2.3.6 Barn og familie.....	26
2.4 Sektor omsorg, helse og sosial.....	30
2.4.1 Resultat i sektoren i høve fylgjande prioriteringar i økonomiplanen for 2017.....	30
2.4.2 Sjukeheimsdrift.....	32
2.4.3 Heimetenestene.....	34
2.4.4 Utfordringar.....	38
2.4.5 Nav og Aktivitet, læring og meistring.....	38
2.4.6 Integrering og opplæring.....	39

2.4.7 Helsetenester	40
2.5 Sektor teknikk og miljø	41
2.5.1. Om sektoren	41
2.5.2 Sektorkontor	42
2.5.3 Eining bygg og eigedom	44
2.5.3 Eining prosjektering og utbygging	44
2.5.4 Eining vatn og avløp	45
2.5.5 Eining veg og park	46
2.5.6 Eining brann og redning	47
2.5.7 Eining reinhald	48
2.6 Seksjon stab	48
2.6.1 Arbeidsmiljø	48
2.6.2 Økonomisk resultat	49
2.6.3 Avdelingar i Seksjon stab 2017	49
2.7 Seksjon kultur, næring og utvikling	51
2.7.1 Kulturadministrasjon	52
2.7.2 Kvinnherad kultursenter	52
2.7.3 Næringsutvikling	53
2.7.4 Landbruk og utmark	53
2.7.5 Turisme og vertskap	54
2.7.6 Kommuneplanlegging	54
2.7.7 Reguleringsplanlegging	54
2.7.8 Naturvern og klima	55
2.7.9 Folkehelse	55
2.8 Forvaltning	55
2.8.1 Byggesak	56
2.8.2 Oppmåling	56
2.8.3 Reguleringsplanar	57
2.8.4 Miljøretta helsevern	58
2.8.5 Eigedomsskatt	58
2.9 Løn og personal	59
3. Rekneskap 2017	59
3.1 Inntekter	59
3.2 Utgifter	60
3.2.1 Løn og sosiale utgifter	60
3.2.2 Tilskot private barnehagar	61
3.2.3 Kostnader med vikarbyrå innan plo	61
3.3 Særlege tema til analyse	61
3.3.1 Skatt/inntektsutjamning	61

3.3.2 Eigedomsskatt.....	62
3.3.3 Kraftfond.....	62
3.3.4 Konesjonsstraum.....	63
3.3.5 Lånegjeld.....	64
3.3.6 Pensjon.....	66
3.3.7 Årsverk og tilsette.....	67
3.3.8 Kjønnfordeling.....	68
3.3.9 Sjukefråver.....	69
3.4 Rekneskap.....	70
3.4.1. Oversikt rekneskap skjema 1a.....	70
3.4.2. Oversikt rekneskap skjema 1b.....	70
3.4.3. Oversikt rekneskap skjema 2a investeringar.....	71
3.4.4. Balanse.....	72
3.4.5. Økonomisk oversikt drift.....	74

1. Føreord

Årsmelding for 2017 vert med dette lagt fram.

Fyrst og fremst vitnar årsmeldinga om ein organisasjon med høg aktivitet. Det vert gjennomført større og mindre prosjekt som viser ein godt fungerande og innovativ organisasjon. Den daglege drifta er likevel fundamentet i organisasjonen. Kvardagen i skule, barnehage, institusjon og heimevitjing av ulike slag saman med grunnleggande tilbod til barn, unge og familiar er det som er det viktigaste for innbyggjarane i kommunen. Det er godt å sjå, gjennom ulike rapporteringar, at dette arbeidet vert utført svært godt og effektivt. Vi vert stadig betre og klatrar positivt på ulike målingar.

Rådmannen ønskjer å takke dei tilsette for eit godt forbetningsarbeid. Årsrapporteringa har i år endra seg noko. Det vert med denne årsmeldinga ei samla tilbakemelding frå heile organisasjonen. Det vert såleis ikkje sendt eigne årsmeldingar frå einingane. Dette har gitt oss ei utfordring med å finne ei god form på dette dokumentet. Rådmannen skulle ønskje at vi hadde fått til ei kortare og meir samordna årsmelding, men vi trur at vi er på rett veg og at dette er første steg. Kommunestyret har bede om betre rapportering på einskilde område. Vi trur at denne årsmeldinga gjev svar på desse ønskja.

For første gang på mange år viser rekneskapen eit mindreforbruk på drifta i høve vedteke budsjett. Dette er i 2017 på vel kr 3.062.000,- Rådmannen meiner dette vitnar om betre samla budsjettdisiplin samt at dei grepa som er tekne for å redusere systemkostnader i organisasjonen etter kvart tek til å verke. Vidare viser rekneskapen eit stort samla overskot på over kr 90.000.000,-. Den største enkeltposten med meirinntekter i høve budsjett er avkastning (vesentleg på fondet) med over kr 45.000.000,-

Med dette vil eg takke alle leiarar, tillitsvalde og tilsette for godt utført arbeid. Det er ein kjempeinnsats som ligg bak dette dokumentet og innhaldet i det. Med von om at dette kan vere interessant og informativ lesnad.

Odd Ivar Øvregård
Rådmann

1.1 Samfunnsutvikling

Folketalet i Kvinnherad per januar 2018 er 13.160 innbyggjarar. I løpet av året 2017 har vi hatt ein nedgang (raude tal i tabellen under) på 43 personar i heile kommunen. Om ein ser på dei enskilte bygdene har dei fleste gått ned i folketal, med den største nedgangen i absolutte tal i Uskedalen og på Sunde. Dei få som skil seg positivt ut med markant auka folketal er Herøysund, Rosendal og Husnes. Som i dei seinare år finn ein veksten i sentrale strok av kommunen, men samstundes er det òg her ein har bygdene med størst nedgang i faktiske tal det siste året. Biletet er altså ikkje eintydig, men kommunen fortset å ha ei negativ folketalutvikling samla sett.


FOLKETAL KVINNHERAD 2017-2018 (tal frå Folkeregisteret)					
	jan.15	jan.16	jan.17	jan.18	Endring
Skulekrins (gml. innd.)	Antal innb.	Antal innb.	Antal innb.	Antal Innb.	frå 17 til 18
BAUGSTRANDA	35	34	36	30	-6
BREKKE	118	105	99	88	-11
BRINGEDALSBYGDA	630	625	614	648	34
FATLAND	88	86	89	89	0
HATLESTRAND	398	404	389	392	3
HAUGE	373	358	368	359	-9
HOLMEDAL	196	183	178	175	-3
UKJENT SKULEKRINS	13	2	3	3	0
LØFALLSTRAND	165	175	176	175	-1
MALMANGER	1 060	1 065	1 041	1 051	10
MATRE	82	82	83	85	2
MAURANGER	249	243	243	237	-6
OMVIKEDALEN	781	803	789	798	9
SEGLEM	343	341	353	344	-9
SKARVELAND	383	414	418	416	-2
SUNDE	1 405	1 221	1 232	1 212	-20
SÆTRE	681	691	710	706	-4
TOFTE	763	764	767	773	6
TRÅ	201	205	212	207	-5
UNDARHEIM	2 492	2 695	2 638	2 651	13
USKEDALEN	1 064	1 057	1 074	1 049	-25
VALEN	1 121	1 101	1 108	1 098	-10
ØLVE	425	410	421	413	-8
ÅKRA	168	164	162	161	-1
Totalsum	13 234	13 228	13 203	13 160	-43

Figur: Folketalstabell

Kvinnherad held fram med å ha ei aldrande befolkning, det vil seie at ein stadig større del av befolkninga er over 60 år. Dei komande åra vert det ein stadig minkande del innbyggjarar i arbeidsfør alder som kan demma opp for denne «eldrebølgja». Dette er del av ein nasjonal trend, men utfordringa til Kvinnherad er at ein dei siste åra òg har eit jamt lågare tilvekst av barn i kommunen. Det vert altså fleire pensjonistar og færre barnehage- og skuleborn (prognose frå Hordaland fylkeskommune).

Aldersfordeling


[per 1. januar]



Kilde: Folkemengde, Statistisk sentralbyrå

Figur: Prognose for utvikling i aldersgruppa 0 -19 år og i gruppa 67 år og eldre.

Grafen under viser utviklinga i arbeidsløysa i Kvinnherad dei siste åra, (henta frå Hordaland fylkeskommune/NAV). Her er krisa i olje- og gassnæringa tydeleg teikna med ein topp i arbeidsløysa i 2016, medan vi i overgangen til 2018 er om lag tilbake til nivået frå før krisa. Sysselsettinga heng altså nøye saman med næringsutviklinga.



Figur: Arbeidsløysa 2014 – 2018.

Motoren i næringslivet i Kvinnherad er som elles på Vestlandet eksportretta næringar som er utsatt for store svingingar i dei internasjonale marknadene. Ved starten av 2018 ser ein ny optimisme i næringslivet i Kvinnherad. Hovudårsakene er gode resultat og plan om oppstart av hall B på Hydro Husnes. Dette vil truleg ha positive ringverknader for lokal industri spesielt, og næringslivet i kommunen generelt. Innan olje- og gassindustrien er det igjen store investeringar, og fleire store kontraktar gir auka aktivitet i den tilknytte næringa på Vestlandet og i Kvinnherad. Samstundes slit fortsatt verftsindustrien i kommunen, sjølv om ein har klart å etablere seg i nye marknader, som til dømes livbåtar til cruiseskip og småbåtar til fiskeri og havbruk. Oppdrettsnæringa har hatt gode resultat dei siste åra, og er ei viktig næring i Kvinnherad. Problem med sjukdom, lakselus og rømming er utfordringar som må løysast før ein kan vekse meir, men bransjen satsar på nye løysingar og investerer i Kvinnherad, som til dømes i lukka anlegg på land. Når det gjeld detaljhandelen har fleire butikkar som følgje av endra forbruksvanar fått store utfordringar med ein auka handelslekkasje ut av kommunen og til netthandel. Denne butikkdauden er del av ein internasjonal trend, Kvinnherad vert påverka av det som skjer elles i verda. Det gjeld òg klimautfordringar, som vil påverka alle aspekt av samfunnet. Kvinnherad som kommune og samfunn har gode føresetnader til å ta ei aktiv rolle i det grønne skiftet, med det ny-opna Folgefonnsenteret, eit innovativt næringsliv og landbruk, og store fornybare kraftressursar.

Pendling

Vi har 1 171 personar som pendlar ut av kommunen. Det er om lag 100 fleire i 2017 enn i 2016. Vi har 356 som pendlar inn til kommunen. Det er 11 mindre i 2017 enn 2016

1.2 Investeringar og nyanlegg

Kvinnherad kommune har i 2017 gjennomført og starta fleire store investeringsprosjekt. Spesielt må nemnast utbyggingar i omsorgssektoren, for bl.a. å kunna møte utviklinga med fleire eldre og pleietrengande. Største prosjektet var Rosendalstunet, som vart ferdigstilt ved årsslutt 2017. Dette har vore eit særers vellukka prosjekt, der refusjon frå Husbanken dekkar litt over halve investeringa.



Foto: Olav Nerhus Hatteberg - Rosendalstunet

Innvendig rehabilitering av dagsenter og aktivitetshus ved Herøysund kompetansesenter er godt i gang.

Detaljprosjektering av nytt kommunalt tenestesenter på Husnes («Nye- Aksen») og ny idrettshall på Husnes er starta opp. Det same gjeld ny fiskerihamn «Kobbekbukta» på Halsnøy.

Innan samferdsle skjer det også mykje, bl.a. ved gjennomføring av «Ny Opsangerveg», som er eit stort løft for «Regionsenteret Husnes», samtidig som ein får skifta ut gammalt leidningsnett for vatn og avløp, som har vore svært dyrt å halda i drift, med fleire leidningsbrot til fleire hundre tusen kroner per år.

Fleire andre store vegprosjekt er også starta opp med forskotteringsmidlar frå kommunen og andre. Utbetring FV. 48, «Lundssvingane» er nesten ferdig, det er etablert nytt kryss på «Stripo» ved avkøyring til Husnes industriområde.



Foto: Olav Nerhus Hatteberg – Krysset på Stripo

Ny rundkøyring ved Hellandskrysset er starta opp. Arbeidet med nytt kollektivknutepunkt i Rosendal er i gang, og det vert arbeida med planar for tilsvarande kollektivknutepunkt på Husnes.

Kommunestyret har gjort prinsippvedtak om «Kvinnheradpakken», som er finansiert med kommunale midlar, fylkeskommunale midlar, statlege midlar og bompengar. Kommunen sitt samla bidrag ligg på om lag 13,5 % av samla investering. Det at Kvinnherad kommune strekker seg langt med omsyn til sitt bidrag i «pakken», har synt seg å gi vesentleg auke i bidraga får fylke/stat. Kommunen sitt økonomiske bidrag er tenkt ytt i ein tidleg fase av bompengerperioden, dette for å få på plass gode prosjekt så tidleg som mogeleg. Kommunen har hatt prosjekt- og byggeleiinga for fleire store fylkesveg- prosjekt. Dette har vi svært god erfaring med, og er ei aktuell løysing for komande prosjekt.

Kvinnherad kommune har i 2017 gjort ei rekke investeringar som gir monaleg reduserte driftsutgifter. Her kan kort nemnast overgang frå «leige til eige» av bilparken, ein grønar bilprofil med satsing på El- bilar, utskifting av vegljøsarmeratur til LED- belysning, ENØK- tiltak på kommunale bygg etc.

Investeringsprogrammet bidrar bl.a. til:

- Auka sysselsetting under gjennomføringsperioden
- «Grønar profil» med miljørette og berekraftige løysingar
- Reduksjon av framtidige drift- og vedlikehaldsutgifter
- Betra trafikktryggleik
- Auka trivsel og betra lærings- og bumiljø for sektorane oppvekst og omsorg

For detaljar om investeringar, sjå vedlegg [Investeringsrekneskap 2017](#) og [Investeringsrekneskap 2018](#).

1.3 Interkommunalt samarbeid

SIM IKS

Kvinnherad kommune er medlem og medeigar av Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS, som har ansvar for innsamling av alt hushaldsavfall og slam frå dei om lag 61.000 innbyggjarane og 8.000 hyttekundane i medlemskommunane. SIM legg vekt på førebyggjande tiltak for å redusera miljøforureining av luft, vatn og nærrområde. Selskapet arbeider for å oppfylle miljøkrav og leggja til rette for at ressursane i avfallet vert nytta.

DIHVA IKS

Kvinnherad kommune er medlem og medeigar av Driftsassistansen i Hordaland (vatn og avløp). Selskapet sitt formål er å vera eit kompetansesenter for vatn- og avløpstjenester. DIHVA er eigd av 29 kommunar. Kvinnherad kommune deltek aktivt i selskapet, bl.a. ved at omtrent all opplæring og kompetansebygging vert gjort i regi av selskapet. Dette er kompetanse som Mattilsynet og Arbeidstilsynet set krav om.

Vest brann- og redningsregion

Kvinnherad kommune er i lag med 31 andre kommunar med i eit samarbeid for å utvikla og ivareta eit langsiktig fagleg samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen i Bergensregionen innan følgjande fagområder:

- Brannførebyggjande arbeid
- Brann- og redningsberedskap
- Beredskap mot akutt forureining
- Naudmeldingsteneste (110-sentral)

Krisesenter vest IKS

Krisesenter vest IKS er eit interkommunalt selskap som er eigd av 17 kommunar og som skal vera kommunen sitt krisesentertilbod. I 2017 hadde krisesenteret eit tilsyn som resulterte i eit avvik som gjekk på at kommunane ikkje hadde tilstrekkeleg styring. Dette vart retta opp i og det vart innført ein formell samarbeidsavtale der ein skulle sikra at dei næraste samarbeidspartane i høve valdsutsette kvinner og menn fekk eit heilskapleg oppfølging. Kvinnherad kommune har hatt 114 overnattingsdøyer ved krisesenteret i 2017.

Konsultasjonsteam for vald og seksuelle overgrep – barn og unge

Me gjennomførte 11 møter i 2017. Til desse møta blei det meldt inn totalt 14 saker. I tillegg hadde koordinator kurs i ulike skular og barnehagar i kommunane teamet representerer. Totalt hadde koordinator 13 kurs i 2017, knytt til temaet vald og overgrep.

I 2017 har teamet hatt fokus på å nå ut til tilsette ved gjennomføring av møter på ulike skular og barnehagar i kommunane. Slik gjer me oss meir kjent der ute, samt senker terskelen for å ta kontakt.

Samarbeidsrådet i Sunnhordland


Samarbeidsrådet for Kvinnherad er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Føremålet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på saker som skal fremja utviklinga i Sunnhordland.

Viktigaste saker i 2017

- Ferjefri E39
- E134
- Ferjesambandet Kvinnherad-Stord
- Regionreforma
- Regionale og statlege funksjonar i Sunnhordland.
- Framtidig snøggbåttilbod i regionen

1.4 Organisasjon



Som organisasjonsform er det linjeleiling som er strukturen. Dette for at det skal gje ein tydeleg organisasjon. Alle skal kjenna til kven som er leiar for kven, slik at ansvar og mynde vert tydeleg. Gjennom delegering vil dette bli presisert og styrka. For å få til ein organisasjon som fungerer som ein heilskap må det vera stor deltaking av dei tilsette i organisasjonen. Det er difor viktig at alle har rett til å delta, og til å ha meiningar og medansvar for organisasjonen.

Kommunen sine fire verdier skal vera styrande for utøving av arbeidet i kommunen og særleg i samhandlinga mellom dei tilsette: *Respekt – Omsorg – Tydeleg – Ærleg*
Samhandling på tvers i organisasjonen vil vera avgjerande for at oppgåver vert løyst effektivt og godt. Kompetanse vert grunnlaget for arbeidet organisasjonen utfører. Det er såleis avgjerande at all kompetanse er tilgjengeleg for andre, og kunnskapsdeling og delingskultur vil såleis ha stort fokus.

«Endring er uunngåelig og stabilitet er en illusjon»

Å gjera endringar i organisering er ein kontinuerleg prosess. Tilpassing og justeringar i den daglege drifta i kommunen skjer kvar dag. Setningane er henta frå organisasjonsplanen vår, og dei siste to åra har dette vore kvardagen for dei tilsette i Kvinnherad kommune. 2017 har vore eit spennande, kjekt, krevjande og utfordrande år - adjektiva er mange og kan vanskeleg skildra alle arbeidsdagane som me no har bak oss for å få den nye organisasjonen på plass. I det store og heile er den store arbeidet med omorganisering av den kommunale organisasjonen no på plass, mindre justeringar står att. Evalueringar vert gjort kontinuerleg, og er det ting som ikkje fungerer vert dette justert etter kvart så godt det let seg gjera.

1.4.1 Arbeidsmiljø

Kvinnherad kommune arbeider systematisk og breitt for å sikra eit godt arbeidsmiljø. I det systematiske arbeidet for å sikra eit godt arbeidsmiljø ligg måling og oppfølgning sentralt. I tillegg er det gjennomført undersøkingar og rundar,

medarbeidersamtalar, arbeidsplassvurderingar, inneklimatemålingar, avviksrapportering samt ei større medarbeidar-undersøking kvart 2. år. Den enkelte einingsleiar har ansvar for å følgja opp kartleggingane med konkrete tiltak på ulike nivå og med ulik tidshorisont. Det er rådmannen si oppfatning at arbeidsmiljøet generelt er godt i organisasjonen.

AMU

Kvinnherad kommune har eit arbeidsmiljøutval (AMU) som består av 4 representantar frå arbeidsgjevarsida og 4 frå arbeidstakersida. AMU hadde 6 møter i 2017.

1.4.2 Rekruttering

I årsmeldinga for 2016 vart det vist til at kommunen er ein arbeidsplass der ein i hovudsak ikkje har store problem å rekruttere arbeidskraft. Samtidig vart det vist til at det var utfordrande å rekruttera enkelte yrkesgrupper, mellom anna sjukepleiarar og vernepleiarar. I 2017 har vi sett den same utviklinga. Kommunen har difor starta eit trainee-program for nyutdanna sjukepleiarar. Kommunen rekrutterte 3 nyutdanna sjukepleiarar som starta med eit 2-årig trainee-løp. Dette meiner rådmannen har vore ein suksess.

Innan sektor oppvekst vert det stadig fleire faglege krav til undervisningspersonell. Dette har gjeve kommunen nokre utfordringar, mellom anna innan språkfag. Me ser og det er utfordringar med å få tak i barneverbspedagogar i barnevernet.

Geografi er i nokre høve ei utfordring. Det er i større grad eit arbeidsmiljø i Kvinnherad enn det er i kommunane rundt større byar med fleire pendlarmuligheiter. Internt i kommunen er og geografi ei utfordring. Små fagmiljø har større utfordringar enn større og sentralt plasserte fagmiljø med å rekruttera. Dette har mellom anna vore medverkande til at kommunen innan Sektor omsorg har nytta noko vikarbyrå.

I samband med rekruttering har kommunen vore representert ved sunnhordlandstreff og ved lokal yrkesmesse.

1.4.3 Kompetanse- kvalitetsutvikling

Kommunen har ikkje sentralt kompetansehevingsbudsjett. Slike budsjett ligg under enkeltsektorar- og seksjonar og ligg i ramma som vert tildelt. Mykje av midlane kjem frå Fylkesmann/Stat og er øyremerka.

1.4.4. Pensjon/AFP

10 tilsette tok ut heil eller delvis AFP i 2017. Dette er ein nedgang frå 2016.

Alderspensjon vart teke ut av 12 personar (KLP) som også er lågare enn i 2016. 8 personar (SPK) tok òg ut alderspensjon i 2017. 16 fekk innvilga heil eller gradert uførepensjon frå KLP eller SPK. Dette er tilsvarende som i 2016. Nokon av desse fekk arbeidsavklaringspengar frå NAV i kortare eller lengre tid (personar som har vore sjukmelde i 1 år).

1.4.4 Sysselsetjing /arbeidsutprøving

Det var i 2017 god aktivitet i samband med sysselsetjing/arbeidsutprøving for personar som av ein eller annan grunn har falle ut av det ordinære arbeidslivet. Dette gjaldt personar med varierende aktivitetsgrad. Kommunen samarbeider med NAV og deira samarbeidspartnarar på dette feltet. NAV gjev tilskot til kommunen ved slike utplasseringar. Det har vore jamn aktivitet innan arbeidsutprøving/språkpraksis.

1.4.5 Likestilling - likeløn

Kommunale stillingar som lærar og lege, rekrutterte tidlegare flest menn, men får no stadig fleire kvinner inn. Me ser også at stillingar som ingeniør som tidlegare var fullstendig mannsdominert, no også rekrutterer kvinner. Det er likevel ennå barnehagesektoren og pleie/ omsorg som skil seg ut som dei områda med flest kvinner tilsett.

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen. Mange store yrkesgrupper i kommunen har avlønning i høve til sentralt fastsett minsteløn/stigar, ev. med mindre justeringar gjort i lokale lønsforhandlingar. Andre får si løn fastsett i lokale forhandlingar med grunnlag i føringar i hovudtariffavtalen (HTA) og eventuelle lokale føringar avtalt mellom partane.

Ved tilsetjing i einskilde stillingar vert det gjeve "løn etter avtale". Det vert her teke omsyn til generelt lønsnivå, kompetanse, rekrutteringsbehov i kommunen/tenestområdet, krav frå søkjar osv. I særskilde tilfelle vert og løn nytta for å rekruttera og stabilisera kritisk kompetanse.

Ca. 90 % av dei tilsette kjem inn under hovudtariffavtalen sitt kap. 4. Lønsplassing for desse er lik for kvinner og menn.

For stillingar i hovudtariffavtalen sitt kap. 5 – er berre lokal lønsfastsetjing: Dette gjeld ingeniørstillingar og rådgjevarstillingar. I desse gruppene er gjennomsnittsløn for menn og kvinner like.

For leiarstillingar – HTA kap. 3 – gjeld også berre lokal lønsfastsetjing: Dette gjeld einingsleiarstillingane, sektorleiarane og rådmann. I desse stillingsgruppene er gjennomsnittsløn for kvinner og menn tilnærma lik. Ulikskapar i løn som ein kan registrere, kjem av at leiarane har ulike ansvarsområde.

I 2017 gjennomførte kommunen lokale lønsforhandlingar i HTA kap. 3, 4 og 5 der lønsutviklinga i HTA kap. 4 var retningsgjevande. Rådmannen vurderer det slik at det som har skjedd ved oppgjeret i 2017 ikkje har endra lønsforholda mellom kvinner og menn.

I rådmannen si leiargruppe: 4 kvinner og 3 menn

Leiargruppa sektor omsorg, helse og sosial: 9 kvinner og 5 menn

Leiargruppe sektor oppvekst: 14 kvinner og 8 menn

Leiargruppe sektor teknikk og miljø: 2 kvinner og 4 menn

1.4.6 Lærlingar

Kvinnherad kommune har i 2017 hatt lærlingar innan barn/ungdom, helsefag, IKT og institusjonskøkk. Ved årsskiftet til saman 18 lærlingar. 1 lærling fullførte fagbrev innan IKT. Kommunen samarbeider framleis med Fusa VG innan TAF- helse, og desse lærlingane er kvinnheringar.

1.5 Felles prosjekt og satsingar i organisasjonen

1.5.1 Bustadplanen

Bustadplanen for Kvinnherad kommune er ein ambisiøs plan med vedtak om oppstart i 2017. Planen skal femna over fleire kommunale mål i form av ein aktiv bustadpolitikk. Måla famnar om bustadar til vanskelegstilte, omsorgsbustadar og for unge i ny-etableringsfasen. I tillegg skal planen stimulera til sentrumsutvikling, bygdeutvikling og til arbeidsaktivitet og kompetanseheving for entreprenørar. I 2017 er det bygd ferdig 8 bustadar som er klare for innflytting på Husnes. Ein er godt i gang med fleire av tiltaka som er vedteke i 2017.

1.5.2 Betre tverrfagleg innsats

Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) er ein samhandlingsmodell som skal skildre samanhengande innsats i arbeidet me gjer ut mot barn, unge og familiar. Den skal gje oversikt til både tilsette og tenestemottakarar. Det overordna føremålet er at barn og unge skal få hjelp så tidlig som mogleg, for å hindre uheldig utvikling. Arbeidet starta opp i januar 2017 ved å setje ned prosjektgruppe og utpeike prosjektkoordinator.

Kommunen gjekk med dette inn i eit samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Rogaland, Bufdir, Helsedirektoratet, KoRus Vest Bergen og Stavanger, RVTS vest - regionalt kunnskapssenter for barn og unge, Barns Beste, RKBU - regionalt kompetansesenter for barn og unge, Helse Fonna, FOUSAM – felles forsknings- og utviklingseining mellom Helse Fonna helseføretak, Høgskulen på Vestlandet samt andre kommunar i regionen.

I forbindelse med innføringa av BTI, vart det i mars 2017 gjennomført ei spørjeundersøking som gjekk ut til alle tilsette i kommunen som arbeider med barn, ungdom ell

Dei viktigaste funna for Kvinnherad er:

1. For dårlig kunnskap om andre faggrupper og tenester og kva desse tilbyr.
2. Manglane/for dårleg kjente skriftlege rutinar for korleis gå frå bekymring til handling samt for samhandling/samarbeid.
3. God kunnskap om meldeplikt til barnevern og teieplikt.
4. Usikkerhet rundt om bruk av samtykke.
5. Manglande fagkunnskap innan spesifikke tema.

Det var 531 tilsette som svarte på undersøkinga, noko som gav oss ein relativt høg svarprosent. Dette gjev oss eit godt grunnlag for å tru på det resultatata visar oss.

1.5.3 Tidleg innsats

Tidleg innsats skal vera fokus på alle plan og i alle einingar/avdelingar i oppvekstsektoren. Visjonen om tidleg innsats kan ikkje målast, men den gjev oss ei god retning å styra etter. Tidleg innsats vert etterspurd i dialogmøte med einingane og i leiarmøte. Tidleg innsats handlar både om å få setja hjelp inn så tidleg i livet som mogleg, men også om å få i gang hjelpetiltak raskast mogleg etter at det har vore avdekket trong for det.

1.5.4 Barnefattigdomsprosjektet

Kvinnherad kommune har sidan 2015 delteke i eit prosjekt med satsing mot barnefattigdom. Målsettinga for arbeidet til kommunen er å avdekke og redusere barnefattigdom, betre tverrfagleg samarbeid og samordning av tiltak mellom kommunale instansar, og også med eksterne samarbeidspartar. Prosjektet vert finansiert av skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland og det er frå statleg hald gitt retningslinjer som m.a. gjeld tverrsektoriell innsats, fokus på universelle tiltak, samhandling internt i kommunen og med andre og skape varige endringar i kommunen.

Satsinga i Kvinnherad har i prosjektperioden så langt i stor grad retta seg inn mot informasjon, bevisstgjerings, kompetanse og rutinar.

I 2017 har ein hatt tre hovudsatsingsområde:

1. Betre samhandling og koordinerte tenester til barn, unge og familiar
Ungdomslos-stillinga som permanent ordning, tidleg innsats og tidleg intervensjon knytt opp til samhandling mellom dei ulike tenestene og innføring av samhandlingsmodellen Betre Tverrfagleg Innsats. Denne satsinga vart organisert som eit eige prosjekt med same prosjektleiar.
2. Inkluderande fritid
Ein person er tilsett i 20 % prosjektstilling som ressurskontakt. Stillinga skal gå over to år, og skal vere eit bindeledd mellom kommunen og det frivillige lagslivet. Målet med arbeidet er å gjere det utarbeide gode rutinar for dette samarbeidet som skal sikre at barn og unge i vanskelege situasjonar vert verande i aktivitetar på fritida.
3. Tilgang til kultur- og fritidsaktivitetar
Kvinnherad kommune arbeider saman med iDrift om utforming av ei universell ordning for at alle barn og unge skal få tilgang til kultur- og fritidsaktivitetar. Det er i samband med dette under vurdering å inngå samarbeid med det etablerte Opplevelseskortet slik at dette kan gjerast digitalt og tilgjengeleg i Kvinnherad.

I tillegg til det som er nemnt ovanfor har Barnefattigdomssatsing hatt fokus på Gratisprinsippet, og viktigheten av å halde på dette. Det har vore tema i leiargruppa i sektor for Oppvekst samt i kommunalt FAU. Prosjektgruppa har også sett på rutine og kriterier for friplass i Kulturskolen, og kome med forslag til nokon endringar.

Framover i 2018 skal satsinga fortsetje sitt arbeid, og med bakgrunn i evaluering av arbeidet så langt skal kursen vidare stakast ut.

1.5.5 Trafikksikker kommune

Den 24.11.2016 inngjekk Kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommune og Trygg trafikk intensjonsavtale om arbeid for å oppnå status som trafikksikker kommune. Trafikksikker kommune er ei godkjenningssordning som gir eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og samordna arbeid med trafikktryggleik.

I løpet av 2017 er det sett ned ei prosjektgruppe med representantar for dei ulike einingane som er involvert i arbeidet. Levekårskomiteen er sett ned som kommunen sitt utval med ansvar for trafikktryggleik. Gjennom året er det arbeidd med kartlegging av eksisterande rutinar, samt utvikling av det som manglar. Det største arbeidet er det oppvekstsektoren som har sidan dei fleste kriteria er knytt til denne sektoren. Det er også søkt midlar og gjennomført arrangement i samband med trafikktryggleiksarbeidet. I prosjektarbeidet vert det fokusert på kommunen som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgivar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for helse og trivselen til innbyggjarane. Gjennom lover og forskrifter har kommunen plikt til å drive med systematisk ulukkesførebyggjande arbeid i alle sektorar, og systematisering av dette er del av prosjektet.

1.5.6 Delegasjonsreglementet


Ny organisasjon har kravd ny gjennomgang av delegasjonsreglement også for tilsette i organisasjonen. Alt delegert lovverk er gjennomgått med dei ulike tenesteområda. Dette har vore eit omfattande og stort arbeid gjennom året.

1.5.7 Regionsenteret Husnes

Det har vore arbeida med planprogrammet til regionsenteret Husnes gjennom heile året. Det har vore gjennomført fleire samlingar der interesserte innbyggjarar har fått kome med sine innspel både til planprogrammet og til sjølve planen.

2. Kommunen som verksemd

2.1 Folkevalde



Politikk omfattar ansvara Politikk 3100 (som er felles for ordførar, politikarar i kommunestyre, formannskap, levekårskomite, forvaltningskomite, administrasjonsutval og klageutval. Investeringsutval, politisk sekretariat, eigedomskattenemnd, stønad politiske parti, val og kontrollutval har alle eigne ansvar inne under dette området.

Oversikt møte som har vore i 2017

- Kommunestyre – 10 møte med i alt 84 saker (8 i 2016) *Sjå vedlegg [Oversikt - politiske saker 2017](#).*
- Formannskap – 16 møte – 100 saker (13 i 2016)
- Forvaltningskomite – 8 møte – 141 saker (8 i 2016)
- Levekårkomite – 5 møte – 36 saker (8 i 2016)

Temamøte/besøk/synfaringar

Kommunestyret

- Kurs i «offentlegheit, innsyn og arkivering i kommunen.», 23.mars
- Terje Gilje frå SIM orienterte om ressurs og miljøstrategien til SIM, 27.april
- Kari Nygård (kontrollutv.) orienterte om anbudsprosessen ved konkurranseutsetting av revisortenester for Kvinnherad kommune, 27.april
- Generalforsamling i Kvinnherad Energi, 18.mai
- Temadag skule i forkant av kommunestyret, 21.desember

Formannskapet

- Synfaring på folgefonsenteret, 6.april
- Arbeidsmøte – økonomiplanen, 4.mai på Fjelberg Prestegard
- Arbeidsmøte – Kvinnheradspakken og arealdel – kommuneplan, 17.august
- Orientering om Fellestrådet v/Erlingur Nielsson og Torstein Aarthun, 14.september.
- Orientering om regionsenter Husnes v/Gunn Tove Petterteig og Green Sight v/Hilde Holdhus, 12.oktober
- Budsjettkonferanse – gjennomgang av budsjett, 2.november på Rosendal Fjordhotell
- Fellesmøte – Stord, 24.november

Økonomiske resultat

Dei to siste åra har budsjettet for området Politikk vorte redusert, fordi tal på komitear vart endra. Dei politiske møta vert haldne på ettermiddag/kveldstid, noko som gjev innsparing i tapt arbeidsforteneste. Det endelege rekneskapet for 2017 gav eit underskot på 1,3 mill. slik tabellane i rekneskapsdelen av årsmeldinga syner.


2.2 Administrasjon

Kvinnherad kommune hadde før omorganisering ein 2- nivåmodell med tre nivå på nokre område. I den nye organisering er ein meir tydeleg 3- og 4- nivåmodell gjennomført.

Rådmann, sektor- og seksjonsleiarar, einingsleiarar, avdelingsleiarar.

I gruppa einingsleiarar er det tilsett fleire leiarar slik kommunen no er organisert. Leiarane skal vere tettare på drifta, og ha fokus på kvalitetsutvikling og tenesteproduksjon, personalarbeid skal vera prioritert. Alle leiarane under rådmann og sektor- seksjonsleiarar, er definert som leiarar knytt til fag/tenesteområdet vedkomande har ansvar for, og fører ikkje til auka utgifter knytt til administrasjon. Det same gjeld for avdelingsleiararnivået.

Gruppert per år



Som tabellen syner er utgiftene til administrasjon stabil dei siste åra, og ligg under gjennomsnittet for kostragruppe 11.

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	4,2 %	4,3 %	4,6 %	4,5 %
Mandal	5,0 %	4,4 %	4,4 %	4,0 %
Stord	5,2 %	5,7 %	5,4 %	5,1 %
Voss	6,0 %	6,2 %	5,7 %	5,8 %
Hordaland	5,4 %	5,3 %	5,2 %	5,2 %
Kostragruppe 11	5,5 %	5,4 %	5,4 %	5,3 %

Tabell: Brutto driftsutgifter administrasjon, i prosent av tot. brutto driftsutgifter.

2.3 Sektor oppvekst



2.3.1 Om sektoren

Kartet viser omfanget og korleis sektoren er organisert. Oppgåvene til sektoren er tenesteyting til barn, unge og familiar. Året 2017 vart det gjennomført ei intern omorganisering i eininga barn og familie. Målsetjinga med omorganiseringa var betre tverrfagleg samarbeid og ynskje om tidlegare innsats. Det har elles ikkje vore store endringar i sektoren.

Dei 23 einingane i sektoren er svært ulike i storleik både med omsyn til talet på tenestemottakarar og tenesteytarar. Felles målsetjing for einingane er å gje tenestetilbod med god kvalitet til barn og unge og familiarane deira. Fokuset på å arbeida og handla godt saman i einingar og ikkje minst på tvers av einingar har vore tydeleg heile 2017. Sektoren har hatt 10 leiarmøte for einingsleiarane. Møta vert i hovudsak nytta til å leggja til rette for godt samarbeid og rutinar og på felles ansvar for økonomi, tilsette og brukarar. Sektoren hadde fleire gode resultat i 2017. Mellom dei resultatane som har fått særskild merksemd kan nemnast at ei elevgruppe i 10. klasse ved Hatlestrand skule vart av Leger Uten Grenser kåra til Noregs beste og vart vinnar av «*Et grenseløst skoleprosjekt 2017*» om dei gløymde krisene. For dette arbeidet vart dei tildelt Tèmoignageprisen 2017. I grunngjevinga for tildelinga står det følgjande: «*Det er tydeleg at skolen har jobbet grundig med de glemte krisene. Vinnergruppa har vært veldig kreative i å formidle krisen rundt utrygg abort og det er tydeleg de har engasjert seg i saken. De var også initiativtakere til utstillingen skolen arrangerte i forbindelse med prosjektet. Dette har resultert i oppslag i lokalavisene og et kjempegodt oppmøte på utstillingen frå lokalmiljøet. Vi er veldig imponerte over hva skolen og vinnergruppa har fått til i prosjektperioden sin.*»

Omvikdalen skule vann hausten 2017 Utdanningsforbundet sin Klimapris på 50.000 kroner. Juryen roste drivhuset, solfangarane og heile Erasmusprosjektet "*The sunny side up*". Elevane på skulen har i praksis lært om fornybar energi, og prosjektet har ført til forskning og praktisk arbeid, noko spesielt gutane har likt. Vidare må det nemnast at tre barnehagar i kommunen, Ølve, Hatlestrand og Mauranger fekk svært gode tilbakemeldingar på foreldreundersøkinga som vart gjennomført i små og mellomstore gruppear.

skåra dei 5, som er det beste resultatet. I sektoren sin årsrapport for 2017, vert resultatata for sektoren samla først presentert. Etter dette vert kvar hovudområde i sektoren sine resultat for 2017 presentert. Hovudområda er: 1. Barnehagane 2. Skulane 3. Kulturskule 4. Bibliotek 5. Barn og familie

Brukarundersøkingar

Målsetjinga med 100 % brukarundersøking har vore urealistisk då ikkje alle fagområda har hatt tilgang til dette. Alle skulane og barnehagane har gjennomført foreldreundersøkinga. Brukarundersøkingane er gjennomgått, drøfta og analysert i rådsorgana til einingane.

Medarbeidarsamtale

Målet om 100% gjennomført medarbeidarsamtale med dei som har over 50% stilling er nådd for mest alle einingane i sektoren. To einingar i sektoren har meldt om at dei ikkje har klart å gjennomføra målsetjinga i alle avdelingane. Gjennomføringa er likevel høg.

Nærvær

Målsetjinga om sjukefråvær under 7 % i sektoren vart dessverre ikkje nådd som sektor samla. Sjukefråværet i sektoren varierer mykje og i dei einingane som har høgt fråvær vert det arbeidd med dette vidare. Fråværet i heile sektoren i 2017 er på 7,3 medan det for 2016 var 6,2%.

Rekneskap

Rekneskap sektoren samla, sjå vedlegg [Rekneskap – sektorar](#).

Sektoren gjekk med eit lite overforbruk dette året på 0,48%. Dette skuldast først og fremst overføringar til private barnehagar. Barnehagane hadde i 2017 eit meirforbruk på (kr 6 130 88) 106, 42% av budsjettet. I 2016 var forbruket på 103,78 %. Det store overforbruket skuldast store overføringar til dei private barnehagane. I årsrapportane for 2017 melder dei kommunale barnehagane om svært tronge økonomisk kår. Barnehagestyrarane er lojale mot budsjettet og gjer sitt beste for å halda rammene, det vert sett inn vikar når det er høgst nødvendig. Styrarane sjølve arbeider mykje som vikar på avdelingane. Lågt bruk av vikarar kan føra til slitasje på personalet. Rekneskapet syner at det er løn og sosiale utgifter som er den store utgiftsposten. I posten for forbruksmateriell, kurs, reiser med meir er det nytta 75% av budsjettet. Manglande utstyr, inventar og leiker i barnehagane er no ei stor utfordring. Mykje av utstyret ein har er gammalt. Dei 11 kommunale barnehagane i kommunen har samla knappe 310 000 til inventar og utstyr. Mange av barnehagane har slitne og dårlege fysiske forhold både ute og inn. Det er grunn til å uroa seg for om borna i dei kommunale barnehagane no får same tilbod når det gjeld leiker og utsyr som dei treng. Rekneskapet syner også at inntektene har svikta med 262 000. Dette skuldast at fleire familiar får innvilga redusert betaling og gratis kjernetid grunna låg inntekt. Dette er ei svært god ordning for dei familieane som treng det. Private barnehagar får refundert tapte inntekter grunna søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling, men for den einskilde kommunale barnehage får det økonomiske konsekvensar. Kommunen sitt inntektstap i 2017 grunna redusert foreldrebetaling utgjer om lag kr 586 000. Skulane si budsjettramme i 2017 var på kr 164 415 619. Av dette hadde skulane eit samla forbruk på 97,62 %. (Dette utgjer eit mindreforbruk på kr 3 915 913) Dette avspeglar at rammene til skulane var gode i 2017 og at skulane trass i dette har vore nøysame. Kulturskulen hadde i 2017 ei ramme på kr 5 015 489. Forbruk i 2017 er på 93%. Biblioteket hadde i 2017 ei økonomisk ramme på kr 5 199 767, Resultatet deira var på 100,24%. Barn og familie har hatt eit forbruk på 100 % av ramma si 2017. Grunna vakansar er berre 98 % av lønsmidlane nytta. Det er lyst ut fleire stillingar i eininga og nokre av dei vakante stillingane er no i ferd med å bli tilsette.

2.3.2 Barnehagane

Prioriterte område og satsingar

I barnehageområdet i Kvinnherad er sentrale satsingsområde grunnlag for lokale satsingar og prioriteringar. Ei målsetjing er å styrka barnehagen som pedagogisk verkser

gjennom prosjektarbeid i den einssilde barnehage, røynsleutveksling, nettverk lokalt/regionalt og vidareutdanning. Barnehagebasert kompetanseheving er vektlagt. Kompetansetiltak skal vera kollektive, det vil seia å inkludera alle tilsette.

Eit godt barnehagemiljø

Barnehagane si hovudsatsing er *Vera saman - Kompetanseløft i barnehagen*. Seks kommunale og fire private barnehagar deltek. *Vera Saman* har fokus på kor viktig relasjon er for barnet sitt sjølvbilde og tidlege normdanning. Forsking syner at dette er ein vernande faktor mot negativ åtferd og utestenging/mobbing. Det handlar om å gjera teori om til kollektiv praksis, knytt til den varme, grensesetjande vaksenstilen.

Språkutvikling

Barnehagane har fokus på språkutviklinga til borna og vektlegg eit godt språkmiljø. Leiken er den viktigaste arenaen for utvikling av språk og omgrep. Målsetjinga er at borna skal få utvikla sitt språklege potensiale og at ein skal førebyggja språkvanskar på eit tidleg stadium.

For å styrka språkarbeidet og arbeid med tidlege leseutvikling, har regjeringa lansert *Språkløyper/nasjonale strategi for språk, lesing og skriving (2016 – 2019)*. For første gong blir det satsa systematisk både på barnehage, alle trinn i grunnskule og vidaregåande skule samstundes. Språkløyper vert førebels nytta i ein del barnehagar, og det vil vera auka fokus på dette i 2018.

Realfag i barnehagen

I tråd med strategien *Tett på realfag. Nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnopplæringa (2015-2019)*, skal barnehagetilsette stimulera barn sine interesser for realfag. Det er først og fremst fagområda «Tal, rom og form» og «Natur, miljø og teknolog» som gjev rammer for realfag. Borna skal få utfalda skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal få grunnleggjande og relevant kunnskap i leik og strukturerte aktivitetar. Alle barnehagane vektlegg realfag, og dette skjer gjennom det spontane i leik/samhandling med barn og i meir planlagde aktivitetar.

Barnetalet

Barnetalet har gått drastisk ned. Dei siste fire åra har det blitt 38 færre born i barnehagane.

2014	2015	2016	2017
680	653	665	642

Personalet

Tabellen under syner gjennomsnittleg vaksentettleik ved alle barnehagane i kommunen. I Kvinnherad var det i 2017 5,8 barn per vaksen. Dette er gjennomsnittet for alle barnehagane i kommunen. Viss ein samanliknar private og kommunale barnehagar, har dei kommunale 5,3 barn per vaksen, medan dei private har 6,5 barn per vaksen. Årsaka til dette handlar mellom anna om at mesteparten av dei kommunale barnehagane er små barnehagar. Det er såleis problematisk å bemanna barnehagane effektivt medan dei samstundes skal vera innafor det forsvarlege. Det er grunn til å vurdere om det i nokre små barnehagar burde vore bemanna opp. Det at ein vaksen er på jobb med barna åleine er ein uheldig situasjon både med omsyn til eventuelle uhell eller i høve tryggleiken til dei små barna med tanke på eventuelle små eller store overgrep.

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	5,7	5,6	5,5	5,8
Hordaland	6,1	6,1	6,2	6,2
Kostragruppe 11	6,2	6,1	6,1	
Mandal	6,4	6,0	6,0	6,1

	2014	2015	2016	2017
Stord	6,5	6,7	6,7	6,4
Voss	6,9	6,8	6,8	6,3

Brukarundersøkingar

I Foreldreundersøkinga får foreldre og føresette seia si meining om barnehagetilbodet, born sin trivsel og samarbeidet mellom heim og barnehage. I Kvinnherad tek alle barnehagane undersøkinga.

Ved samanlikning av kommunale og nasjonale snitt syner det seg at Kvinnherad er over eller på same nivå som landssnittet. Det kan sjå ut for at føresette er særleg nøgde med inne- og utemiljø i barnehagane og at dei oppfattar stor trivsel i barnehagen. I spørsmåla som går på relasjonar mellom barn og vaksne har kommunen samla sett eit forbettringspotensiale. Det same gjeld for informasjon. Særleg innanfor området informasjon er det kommunen sentralt, barnehageeigar, som må hjelpa barnehagane til å få på plass gode digitale verkty som kan betre informasjonsarbeidet til heimane.

Barnehagane presenterer, diskuterer og analyserer eigne resultat med tilsette og føresette. Det blir sett mål for arbeidet vidare innanfor dei områda kvar barnehage skårar lågt.

Foreldreundersøkinga 2017	Nasjonalt gjennomsnitt	Kvinnherad kommune
Ute og innemiljø	4,1	4,5
Relasjon mellom barn og vaksne	4,6	4,1
Trivsel hjå barnet	4,2	4,6
Informasjon	4,7	4,3

Driftsutgifter

Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i barnehagane	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	138 063	134 329	143 275	154 973
Hordaland	130 058	134 673	139 734	144 293
Kostragruppe 11	126 675	128 650	136 627	141 418
Mandal	121 289	125 776	132 331	142 267
Stord	117 322	120 030	135 788	144 650
Voss	112 380	124 873	124 415	143 689

Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år har auka frå 2016 til 2017 når me ser på kommunen si utvikling. Viss vi samanliknar oss med samanliknbare kommunar i 2017, ser vi at Kvinnherad ligg høgt over andre kommunar og fylket. Dette skuldast geografi og den barnehagestrukturen vi vel å ha.

Medarbeidarar

Tilsette si utdanning

Stillingar	Fordeling
Barnehagelærarar	42,2 %
Barne- og ungdomsarbeidarar	19 %
Annan fagarbeidarutdanning	4,4 %
Annan bakgrunn	34,4 %
Samla	100 %

I 2016 var det 147,5 årsverk i barnehagane i Kvinnherad. I 2017 var det 144,1 årsverk, og samanlikna med 2016 er dette ein nedgang på mest 2,5 %.

Kompetansemidlar 2017 – 2018

Sentrale kompetansemidlar vart nytta til barnehagebasert kompetanseheving. Det er ei målsetjing å styrkja barnehagen som pedagogisk verksemd og lærande organisasjon. Det er særleg satsinga «Vera saman» som gav ei kollektiv kompetanseheving i barnehagane i 2017.

	Inntekter	Utgifter
Statlege midlar	106 853	
Barnehagebasert kompetanseutvikling		60 000
Samarbeid med fagmiljø		20 000
Vera Saman - Nettverk		10 000
Subsidierte kurs på fagdagar/regionale samlingar og nettverk		16 853
	106 853	106 853

Kompetanseutvikling- barnehageeigar

	Budsjett	Utgifter
Kommunale midlar	300 000	
Leiarkonferanse i regi av FOS		25 000
Rettleiing nyutdanna		5 000
Styrarutdanning 3 tilsette		150 000
Implementering av ny lov og rammeplan		50 000
HLR-kurs		30 000
Diverse tiltak, jf. sentrale satsingsområde/plan		40 000
	300 000	300 000

Vidareutdanning i 2017 – 2018

Prioriterte område for kompetanseutvikling var i 2017 følgjande område:

1. Barns språkutvikling
2. Realfag i barnehagen
3. Eit god barnehagemiljø
4. Andre tematiske satsingsområde

I 2017 har 7 tilsette frå barnehagane i Kvinnherad fått vidareutdanning. Fagområde og tal personar fordeler seg som tabellen under syner.

Fagområde	2016 - 2017	2017 - 2018
Språkutvikling og språklæring		1
Styrarutdanning		4
Læringsmiljø og pedagogisk leiing i barnehagen	3	

Analyse og kommentar til resultat for medarbeidarane

I 2017 var det ein liten nedgang i tal årsverk i barnehagane. Dette skuldast nok at barnetalet går ned samstundes som det vart litt færre vaksne per barn. Dei tilsette i barnehagen har fått ei kollektiv kompetanseheving i den statlege satsinga «Vera saman» Dette har vore eit prioritert område for barnehagane, men grunna lite lønsmidlar har det vore svært vanskeleg å få nok møtetid for dei tilsette. Barnehagebasert kompetanseheving er avhengig av at dei tilsette i barnehagen kan møtast og utvikla seg saman utanom tida når det er barn i barnehagen. Nokre tilsette har fått vidareutdanning i 2017. Barnehagane er avhengig av at einskilde tilsette får kompetanseheving i form av fagleg vidareutdanning for vidare å dela kompetanse med dei andre. Dei fleste styrarane har gjennomført medarbeidarsamtalar med sine tilsette som har over 50% stilling. Fråværet for barnehagesektoren var i 2017 på 8,7 %. Dette er høgt sjølv om mange barnehagar har eit godt førebyggjande arbeid på området og at trivselen blant dei tilsette synest å vera god.

2.3.3 Skulane

Prioriterte område og satsingar

Grunnskulegruppa innan sektoren har i 2017 ei felles satsing. Vurdering av elevane si læring og utvikling er ein del av undervisningsarbeidet og heng nøye saman med elevane si læring. For å auka utbyte av undervisninga og læringa satsar no alle skulane samla for å styrka lærarane sin vurderingspraksis. På fjorten av femten skular deltek heile personalet i kompetansehevinga «Skulebasert Vurdering for Læring» gjennom høgskulen Innlandet. Ein skule deltek utan å følgja opplegget til høgskulen. Med skulebasert kompetanseutvikling meiner ein at skulen, med leiinga og heile det pedagogiske personalet, deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass. Målsetjinga er å utvikla den samla kunnskapen, haldningar og dugleikar når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Kompetansehevinga rettar seg altså ikkje mot einskildeltakarar, men mot skulen som organisasjon og vidareutvikling av lærarkollegiet sin vurderingskompetanse. Det vert ikkje lagt fram lærings- og trivselsresultat for elevane i denne årsmeldinga. Kommunestyret som skuleeigar vil få presentert Tilstandsrapport for Grunnskulen i Kvinnherad i møte i juni. Rapporten vil innehalda resultat og analyse for den delen av skuledrifta som omfattar det statlege kvalitet-systemet.

Elevtal

Når det gjeld elevtalet ved skulane kan ein av statistikken under sjå at talet i grunnskulen har gått mindre ned i 2016 enn åra før. Elevtalet har gått nedover fleire år no. Dette vert kanskje mest merkbar ved dei minste skulane. Nokre elevar søker seg då til større skular grunna få vener. Elevtalet går også ned ved nokre av dei større skulane. For sektoren er den negative utviklinga i barnetalet ei utfordring. Det vert færre elevar i klassane og det statlege tilskotet går ned. Tala under er henta frå 1. oktober 2017 etter start av nytt skuleår.

Tal på lærarar og elevar - historisk	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Talet på elevar	1 754	1 745	1 730	1 698	1 683
Talet på skular	17	17	17	15	15
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	142	142	138	133	129
Talet på lærarar	221	226	219	212	213

Kvinnherad kommune, Offentleg

Personale

Årsverk og lærartettleik - historisk	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	Nasjonalt 2017-18
Årsverk for undervisningspersonale	183,2	180,8	177,4	170,4	176,8	

Årsverk og lærertettleik - historisk	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	Nasjonalt 2017-18
Anntal elever per årsverk til undervisning	11,1	11,0	11,3	11,6	11,1	12,1
Antal assistentårsverk i undervisninga	32	28	28	24	28	8 937
Antall elever per assistentårsverk i undervisninga	54,6	62,7	61,4	72,2	59,6	68,2
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	17,5	15,4	15,9	13,8	16,0	15,8
Lærertettleik 1.-7. trinn	11,6	11,7	11,7	12,6	11,5	13,0
Lærertettleik 8.-10. trinn	13,5	13,0	14,3	13,3	14,2	14,4
Lærertettleik i ordinær undervisning	14,6	14,7	15,1	15,7	14,9	16,8
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	98,4	97,2	96,0	92,6	96,1	95,9
Lærertimer som gis til undervisning	112 096	112 160	108 661	104 178	107 709	-
Undervisningstimer totalt per elev	64	64	63	61	64	59

Kvinnherad kommune, Grunnskule, Undervisningspersonell, Offentleg, Alle trinn, Begge kjønn

Tabellen over gir eit inntrykk av talet på elevar, lærarar og klassar i skulane i Kvinnherad. Tala er berre frå dei kommunale skulane. Frå 2016 til 2017 er elevtalet gått ned med 15 og det er fire færre lærarar i skulen. Samstundes melder skulane at det blir brukt fleire lærartimar til undervisning enn året før.

Når det gjeld personale kan det sjå ut for at det er ei auke i omfanget av assistent samanlikna med elevtalet året før. Lærertettleiken ser også ut til å ha auka i forhold til 2016. Kor stor prosent av lærarane som har undervisningskompetanse i faga dei underviser i, har også auka frå året før. Dette håpar me skuldast at mange lærarar får vidareutdanning innan basisfaga nå, og at dei lærarane som får vidareutdanning vert brukt til å undervisa i dei faga dei har undervisningskompetanse i. Det må vel kunna seiast at 2017 var eit godt år når det gjaldt ressursar til undervisninga i skulane i Kvinnherad.

Driftsutgifter i skulane

Tabellen og diagrammet under viser netto driftsutgifter til grunnskule per innbyggjar 6 - 15 år, dei siste fire åra i Kvinnherad.

Netto driftsutgifter per elev	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	96 328	95 783	99 980	98 553
Hordaland	80 790	82 705	84 060	85 543
Kostragruppe 11	87 971	89 369	91 343	93 798
Mandal	70 230	72 985	75 681	78 259
Stord	79 063	81 268	82 792	83 296
Voss	88 871	92 158	93 411	94 754

Netto driftsutgifter per elev har blitt redusert frå 2016 til 2017 . Ved samanlikning med andre kommunar i 2017, ser me at Kvinnherad framleis ligg høgt over liknande kommunar og fylket. Dette skuldast geografi og den skulestrukturen me vel å ha.

Medarbeidarar

Den statlege vidareutdanninga er svært populær i kommunen. Hausten 2017 starta 17 lærarar i Kvinnherad på statleg vidareutdanning.

Matte: 8 Norsk: 3 Engelsk: 5 Andre: 1

Kvinnherad kommune har fått statlege midlar til desentralisert kompetanseheving i 2017. Desse midlane er nytta inn i prosjektet «Eit inkluderande barnehage og skulemiljø». Staten har organisert bruken av desse midlane slik at kommunane samarbeider regionsvis med Universitets- og Høgskulemiljø (UH-sektoren) om skulebasert kompetanseheving.

Analyse og kommentar til resultat for medarbeidarane

Når det gjeld den statlege vidareutdanninga er det matematikk som blei prioritert i 2017. Interesse for tilbodet er stort, og dei fleste lærarane som søker får tilbod.

Den nye ordninga med desentraliserte kompetansehevingsmidlar er ei statleg ordning der kommunane i ein region samarbeider med Universitets – og høgskulemiljøet om skulebasert kompetanseheving. Midlane som kom i desember 2017 vart overført til 2018 og skal nyttast til å heva kompetansen innafor utvikling av gode skulemiljø. Skulane i Sunnhordland skreiv i 2017 avtale med NLA om denne kompetansehevinga

2.3.4 Kulturskulen

Kvinnherad har berre ein kulturskule, den er offentleg eigd og - drive. I 2017 hadde kulturskulen 521 elevplasser og 399 elevar. Kulturskulen har ein sosial profil og har eigen ordning med både friplassar og søskenmoderasjon for elevane. Skulen har eige kulturskulebygg på Husnes, og har i tillegg eit desentralisert tilbod ved fem av grunnskulane; Hatlestrand, Malmanger, Uskedalen, Valen og Halsnøy. Kulturskulen i Kvinnherad er forankra i opplæringslova §13-6, og drifta er i tråd med Rammeplan for Kulturskulen «Mangfald og fordjupning». (Kommunestyrevedtak 15.12.16) Skulen er ein samfunnsaktør som skipar til konsertar, samarbeider med kommunalt kulturliv og driv eit godt førebyggjande arbeid for born og unge i Kvinnherad. Skulen står fram som eit ressurs- og kompetansesenter.

Prioriterte oppgåver og satsingar

I 2017 har kulturskulen i Kvinnherad saman med kulturskulane i dei andre Sunnhordlandskommunane delteke i eit utviklingsprosjekt saman med Norsk kulturskuleråd. Saman med fem andre kommunar i Sunnhordland har ein gått gjennom eit rettleiingsprosjekt for å auka kvaliteten i kulturskuletilbodet til elevane. Med 10 årsverk klarar kulturskulen å gje ei kultur-opplæring til mest ein firedel av elevane i grunnskulen i 2017. Dei har hatt trong for ein danselærer og ein musikkterapeut. Dette kunne gitt eit meir omfangsrikt tilbod som fleire grupper ville kunne dra nytte av. Barnevern og andre hjelpetenester ynskjer eit samarbeid om ein musikkterapeut, men dette tiltaket har vore vanskeleg å få til i 2017 grunna økonomiske rammer. Kulturskulen i Kvinnherad har teke posisjon som ein aktiv og synleg deltakar i det lokale kulturlivet og er eit lokalt kultur- og ressurscenter i kommunen. Den har ein klar og sterk posisjon i kommunen som ein reell bidragsytar til kulturelt mangfald og inkludering i lokalsamfunnet.

Medarbeidarar

Om lag 10 årsverk med eit svært internasjonalt samansett personalgruppe. Alle medarbeidersamtalar er gjennomførte. Lågt sjukefråvær og tilsette med høg kompetanse og interesse for faget sitt.

2.3.5 Bibliotek

Kvinnherad bibliotek har hovudbibliotek på Husnes. I tillegg har biblioteket ein bokbuss som vitjar skular, barnehagar, institusjonar og andre over heile kommunen. Bokbussen vert 25 år i 2018, medan biblioteket feirar at det er 30 år sidan nytt bibliotek vart opna. Biblioteket er ein av dei viktigaste terskellause institusjonane for integrering i det fleirkulturelle Kvinnherad. I tillegg er det for alle ein fristad, eit gratis tilbod og eit av dei siste ikkje- kommersielle møteplassane me har. På biblioteket kjem folk for å kopiera, skanna, senda inn meldekort til NAV, søkja på jobbar, betala

Prioriterte oppgaver og satsingar

Arrangement og besøk	2015	2016	2017	%
Besøk, Husnes	33 550	47 725	54 250	+13,7
Besøk Bokbuss	15 437	13 842	14 533	+ 5,3
Totalt besøk	48 986	61 567	68 783	+11,7

Medarbeidarar

Ved biblioteket er det 5,7 faste stillingar. I tillegg har biblioteket hatt ein person tilsett i språkpraksis. Medarbeidarsamtalar er gjennomførte. Biblioteket har trong for arrangørkompetanse. Biblioteket er svart aktivt og har kultur for deling av kunnskap og låg terskel for å spørje om hjelp og hjelpe kvarandre. Dette fører til at ingen gruer seg for arbeidsoppgaver og at ein såleis kan gjera sitt beste. Personalet er motiverte og ser ut til å trivast med jobben sin og sjukefråværet er på 1,2 % i 2017. Biblioteket har i 2017 stått fram som ei god eining som med glede yter god service til brukarane i kommunen.

2.3.6 Barn og familie

Frå 1. november 2017, endra eininga namn frå *Tiltak og teneste for barn og unge (TTBU)* til *Barn og familie*. Frå 1.januar 2018 er sjølve organiseringa endra. Året har vore prega av at ein har vore gjennom ein omorganiseringsprosess, noko som har hatt innverknad både på tilsette og eininga totalt sett. Eininga er no organisert i fire underavdelingar; PPT, Barnevern, Heleltasjon og Tiltak og ressursar. Både før og etter omorganiseringa har eininga eit stort ansvar for særskilde tiltak for å sikra at barn og unge får tilfredsstillande tilhøve i oppveksten. Eininga yter tiltak og førebyggjande tenester på alle nivå – lågterskeltiltak og tiltak som vert definert inn under sekundær og tertiær førebygging.

Barnevernstenesta

Barneverntenesta i kommunen har i 2017 svært gode tal for frist på undersøkingar, tala ligg langt under landsgjennomsnittet på 8,0%. Det har i tillegg blitt gjennomført fleire undersøkingar per årsverk enn landsgjennomsnittet (23,8% opp mot landsgjennomsnitt på 19,8%). Dermed har ein nådd mål i ei viktig satsing.

År	Mottekne meldingar	Avslutta undersøkingar	Fristbrot	Barn i hjelpetiltak per 31.12.2017	Barn i omsorgstiltak per 31.12.2017
2017	154 barn	143 barn	2 barn/ 1,23	84 barn	24 barn
2016	164 barn	164 barn	7 barn/21,95%	78 barn	29 barn
2015	164 barn	134 barn	9 barn/ 7,04	87 barn	24 barn

	Andel barn med barnevernstiltak ift. Innbyggjararar 0-17 år	Netto driftsutgifter per barn i barnevernet
Kvinnherad	5,0%	114 500
Mandal	7,7%	169 162
Stord	4,2%	114 258
Voss	5,4%	161 473
Hordaland	4,3%	141 966

I tabellen over ser ein at prosent barn med tiltak i barnevernet i Kvinnherad ligg om lag «midt på treet» når me samanliknar oss med liknande kommunar. Netto driftsutgifter per barn som er i barnevernet er lågt i kommunen vår samanlikna med andre. På den eine sida er det økonomisk kostbare. Barnevernet i Kvinnherad har slite med å finne ut av kostnader i 2017 og dei låge

driftsutgiftene kan også vera eit utslag av at ein ikkje har klart å setja inn tiltak for borna. Bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar er organisert i eininga Barn og familie og ligg inn under tiltaksavdelinga. 15 einslege mindreårige er busett i Kvinnherad kommune, i tråd med politisk vedtak. 9 av ungdommane vart busett i 2016, medan dei siste 6 vart busett fram mot sommaren 2017. Denne avdelinga har vore prega av omstillingar og endringar i 2017. Det tredje bufellesskapet vart opna i januar 2017. Grunna reduksjonar i statlege tilskot og lågare tal flyktningar som kom til landet, såg ein seg nøydd til å sjå på andre løysingar for bu-tilboda for nokre av ungdommane, og avvikle det minste bufellesskapet allereie hausten 2017. Det minste bufellesskapet vart etter omstillingsprosess, stengt 1.1.2018. Talet på tilsette vart då redusert frå 24 til 18. Etter prosessar der ein vurderte behov og alternative tiltak for den einskilde ungdom, flytta fire i fosterheim, medan to flytta på hybel.

PP-tenesta

PPT sine primære lovpålagde oppgåver er å driva systemretta arbeid i forma av kompetanseutvikling og organisasjonsarbeid til barnehage og skule. I tillegg skal ein vera sakkunnig instans i høve spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Dei fleste tilvisingane til PPT kjem frå skule/barnehage og foreldre/føresette. Tala for 2017 viser at det er språk/kommunikasjonsvanskar, fagvanskar og psykososiale vanskar som blir oppgjevne som grunn for dei fleste tilvisingane. Når det gjeld alderssamansetning, så er det ei auke i aldersgruppa 0-5 år, samt 10-15 år samanlikna med året før. I aldersgruppa 6-9 år og unge/vaksne, er det ein nedgang.

År	Aktive saker	Nye tilmeldingar	Nye tilmeldingar - jenter	Nye tilmeldingar - gutar
2017	331	79	Skifte av datasystem i 2017 har ført til vanskar med samanlikningar frå førre år grunna usikre tal.	
2016	496	95	44	51
2015	505	130	52	78
2014	492	100	42	58

Helsestasjonen

Jordmortenesta. I samband med ein avtale Kvinnherad kommune har inngått med Helse Fonna om beredskap og følgjetenester for gravide og fødande, har kommunen hatt ei bemanning på 196,7% stilling. Pr. 31.12.2017 har ein i tillegg drifta eit nytt prosjekt, og i samband med det har tenesta vore auka opp til 220,7% stilling fordelt på tre jordmødre. Prosjektet «Jordmor heim» vart starta opp 01.11.17. Alle kvinner uansett parietet, har fått heimebesøk etter fødsel. Dei aller fleste har fått heimebesøk innan 3 dagar i tråd med retningslinjene for barselomsorga.

År	Gravide	Konsultasjonar	Følgje til sjukehus	Fødsel utanfor institusjon	Deltakarar fødselsførebuande kurs
2017	110	864	74	2	
2016	130	706	63	0	Ikkje gjennomført kurs.
2015	135	1032	92	1	22 - 18 m/ledsagar
2014	126	827	67	6	11 - 8 m/ledsagar

Helsestasjons- og skulehelseteneste; Helsestasjonen er eit lågterskeltilbod. Dette året, har ein hatt fokus på nye nasjonale føringar og implementering av desse. Det er starta opp to prosjekt knytt til styrking av skulehelsetenesta i barneskule, samt barselgrupper i tråd med føringar. Helsestasjon for ungdom vert gjennomført to timar kvar veke. I tillegg har helsestasjonen tilbod til ungdom i den ordinære opningstida og ved Kvinnherad vidaregåande skule. Helsestasjonen har i tillegg ansvar for influensavaksining, reisevaksine og tuberkulosekontrollar.

År	6-vekers kontroll	Heimebesøk etter fødsel	2-årskontroll	4-årskontroll	Skulestartundersøking
2017	110	99 + 15	138	135	169
2016	109	95	130	123	149
2015	141	122	135	155	157

Psykisk helsearbeid: I 2017 har tenesta vore tverrfagleg samansett med barnevernspedagog, helsesøster og psykolog. Det har til saman vore samtalar med 219 barn og unge. 84 av brukarane var tilmeldt før 2017, 135 var nye. Dei fleste blir tilviste frå skule eller føresette. Åtferdsvanskar og angst er dei to største vanskegruppene som er registrerte i 2017.

År	Støttekontakt	Privat besøksheim	Opphald i avlastingsbustad	Omsorgstønad	Private avlastingssteneste	Personleg assistent/miljøarbeidar
2017	10	8	7	5	1	1
2016	11	8	7	7	2	1
2015	11	6	7	6	2	1

Foreldre som har barn med store funksjonsvanskar brukar mykje av tida si til stell og tilsyn. For å kunne delta i det vanlege samfunnslivet, treng foreldra til desse borna noko avlastning og støtte.

Tabellen syner avlastning for barn og unge med funksjonsvanskar.

Tal klagesaker	Tal saker lukka	Kommentar
7	6	Ei av sakene er knytt til fleire ungdommar. Denne saka har sitt utspring i omstillinga i bufelleskapa for einslege mindreårige. Dei siste seks sakene er knytt til barnevern. Klagene går her på sakshandsaming og/eller vedtak.
Avdeling	Venteliste/fristbrot	Kommentar
Barnevern	2 barn/ 1,23%	Fristbrot i undersøkingssaker: Dette har vore eit satsingsområde i 2017, og vi ser ein markant nedgang i fristbrot.
Psykisk helsearbeid	-	Fram til nyttår, var ein fullt bemanna i psykisk helsearbeid. På bakgrunn av det, hadde vi ikkje ventelister. Dette er i ferd med å endre seg no.
PPT	Ja	PPT har over tid hatt ventelister. Dette er i strid med rett til spesialundervisning, og vil krevje ei satsing i året som kjem. Målet er å handsame sakene innan rimeleg tid, og innan forvaltningslova sine krav om sakshandsaming.
Avlastning barn/unge med funksjonsvanskar	14 restansar	På bakgrunn av omorganiseringa, og at det i ein lang periode var usikkerheit knytt til organisering og ansvar, har mange familiar vore nøydd til å vente lenge på sine vedtak dette året.

Ventelister/klager i eininga barn og familie

Medarbeidarar

Avdeling	Stillingsprosent
Barnevern	12 stillingar
PPT	6,8 stillingar
Helsestasjon	11,6 stillingar
EMF-bufelleskap	24 tilsette fram til 31.12.2017
Anna	13,3

I tillegg engasjerer vi om lag 100 støttekontaktar, besøksheimar og ... på til tider.

Avdeling	Stillingsprosent
eksterne tenester til barn som treng oppfattande tiltak.	

Årsverk

Trong for kompetanse i eininga	Kven/tal
2017 har vore prega av omorganiseringsprosess og endringar i leiargruppa. Dette vil krevje at vi har fokus på endringsprosessar og å skape ein god leiarkultur i eininga. For å få til dette er det behov for å auke leiarkompetansen innanfor organisasjon og dei ulike fagområda.	Leiarane i eininga
Det er behov for evaluering av kompetanseplan for heile eininga, samt på kvar avdeling. Det skjer store endringar innanfor kvart einskild fagområde, og for å ivareta dette, vil det være behov for ei planlagt kompetanseheving.	

Kompetanse

Fagområde	Antal på vidareutdanning
EMF- Traumesensitiv omsorg v/RVTS	Alle tilsette i avdelinga – per no 15 tilsette.
Marte meo	3
TIBIR – PMTO-rådgivarar	2


Vidareutdanning som er i gang.

Analyse og kommentar til resultat for medarbeidarane

Omorganiserings- og endringsprosessar har ført til utfordringar knytt til arbeidsmiljø. 2017 har såleis vore eit utfordrande år i deler av eininga. Omfanget av oppgåver i eining Barn og familie er stort. Det er ein variert og spanande arbeidsplass med høg og ulik kompetanse. Arbeidspress, endringsprosessar, turn-over og vakansar har ført til slitasje for medarbeidarane. Eininga har hatt eit høgt fråvær over tid, og fokus på medarbeidarane og arbeidsmiljøet blir sentralt i tida som kjem. Eit godt arbeidsmiljø og høgt nærvær på jobb er eit mål som vil koma både brukarar og medarbeidarar til gode.



Bileta er teke av Kvinnheringen.



2.4 Sektor omsorg, helse og sosial



Frå 1.1.2017 vart kommunen si omorganisering innanfor sektor omsorg, helse og sosial sett i verk. Den nye organiseringa av sektoren inneber at tidlegare verksemder var delt i nye mindre einingar. Det vart oppretta egne einingar for sjukeheimane og dei ulike heimetenestene.

Utover dette så er det eining for Ergo-og fysioterapi, eining for Integrering og opplæring, eining for Aktivitet, læring og meistring, eining for Matforsyning, eining for Helse og Nav.

Ny organisering innebar at økonomi, teneste og personale vart fordelt på nye einingar, noko som i varierende grad har hatt innverknad på kvardagen for dei tilsette. Dei nye einingsleiarar fekk utfordrande oppgåver med å få til ei effektiv drift med god kvalitet på tenestane innanfor einingane sitt ansvarsområde og tildelt budsjetttramme. Reduserte budsjetttrammer gav ekstra store utfordringar. I tillegg var det mykje nytt å gjere seg kjent med, både for leiarane og øvrige tilsette. Med bakgrunn i dette har 2017 vore spesielt krevjande for mange i sektoren, men etter kvart så har det meste stabilisert seg. Dyktige leiarar har stått på ekstra mykje og tilsette har vist vilje og nytta seg av all tidlegare erfaring med å vere fleksible og finne dei beste løysingane. Dette har bidrege til at den nye organiseringa innanfor sektoren no er komme godt på plass.

2.4.1 Resultat i sektoren i høve fylgjande prioriteringar i økonomiplanen for 2017

- Budsjettbalanse 100%
- Medarbeidersamtale med dei over 50% stilling – 100%
- Sjukefråvær 9,5%
- Samhandling : Tal døgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar
- Utvikle betre tiltaksdifferensiering etter omsorgstrap
- Kvardagsrehabilitering. Meir bruk av omsorgsteknolo

- Betre samordninga i bruk av personalressursar
- Andel tilsette med fagutdanning
- Andel lege dekning i sjukeheim

Rekneskapan viser eit forbruk på 97,94%. Sektoren har samla halde drifta innanfor tildelt budsjettramme. Det er gjort ein stor felles innsats for å oppnå dette resultatet, men ein del ekstra tilskot frå staten som ikkje var forventta har og bidrege til det gode resultatet. Kostra tabellen under viser at pleie og omsorg sine totale netto driftsutgifter er redusert med 1,7% frå 2016 til 2017.

Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	34,7 %	36,4 %	37,1 %	35,4 %
Mandal	31,7 %	31,2 %	31,3 %	30,1 %
Stord	31,8 %	31,8 %	31,9 %	32,9 %
Voss	34,5 %	36,1 %	33,5 %	32,9 %
Hordaland	31,6 %	30,7 %	30,9 %	29,9 %
Kostragruppe 11	33,9 %	33,3 %	33,6 %	33,2 %

Medarbeidarsamtale

Det var ei målsetjing i sektoren at alle med 50% stilling og over skulle ha medarbeidarsamtale i 2017. Denne målsettinga vart ikkje nådd.

Sektor – og einingsleiarar har prioritert dette arbeide, men det har ikkje vore rom for alle å gjennomføre dette fullt ut i denne omorganiserings fasen. Tilbakemeldingane viser at leiarane har gjennomført medarbeidarsamtalar med avdelingsleiarane, men utifrå den tida avdelingsleiarane har til personalarbeid har det ikkje vore mogeleg å gjennomføre dette.

Dei som er nærast måloppnåing er dei einingane som kun har drift på dagtid.

Sjukefråvær

Mål for sjukefråværet i sektoren var på 9,5%.

Sjukefråværet samla i sektoren var for 2017 på 9,5% så her vart det akkurat mål oppnåing. Det er likevel ikkje grunn til å vere heilt nøgd då fråværet har stege med 0,7 % i fht. i 2016.

- 2017 - 9,5%
- 2016 - 8,8%

I hovudsak er det mange langtidssjukemeldingar og ein del sjukefråvær i samband med graviditet. Verksemdene arbeidar kontinuerleg for å redusere fråværet med å tilretteleggje arbeidsoppgåver og samarbeider med lege, jordmor og NAV i tillegg til god kontakt og individuell oppfølging av dei tilsette. Det var høgast fråvær innanfor omsorgsdelen i sektoren og lavast innanfor einingar utan døgndrift.

Tenestetildeling

Tildelingskontoret som har hatt ansvar for storparten av vedtaka som vart fatta innanfor sektoren vart lagt ned i september 2017. Det er framleis tilsette som har som arbeidsoppgåve å ivareta den daglege kontakten mellom sjukehus og kommune. Dei har og oppgåvene med å greie ut og fatte vedtak på institusjonsplassar og bustadar med heildøgns omsorg knytt til sjukeheimar, men desse stillingane ligg no i sektoren sin stab. Søknadar om andre tenester vert saksutgreidd og fatta vedtak på i einingane. Dette har medført ekstra oppgåver for tenestområda utan at det er tilført ekstra ressursar. Føremonen med dette er nærheit til brukarane medfører at omfanget av hjelpa vert betre tilpassa både i høve rett hjelp, rett mengde hjelp og rett tidsrom for hjelpa. Ved å organisere vedtaka i einingane er og ein del av føremålet meir heilheitlege vedtak og betre samordning av dei ulike tenestene som ligg til grunn for alle

vedtaka som vert fatta innanfor sektoren. Best mogeleg bruk av «omsorgstrappa» er eit mål i tenesta for å gje rett tilbod til rett person til rett tid. Tenesta har lagt vekt på å gjennomføre dette så langt som råd innanfor tilgjengelege rammer.

2.4.2 Sjukeheimsdrift

Grunna ombygging av Rosendalstunet har ein i 2017 og hatt sjukeheimsdrift på Varaldsøy, i omsorgsbustadar på Ølve, på Halsnøytunet og på Rosendalstunet.

Institusjonsplassar	2016	2017	Belegg i %
Halsnøytunet	25	25	94,66%
Husnestunet	51 (inkl.2 KAD)	50/49 (inkl.2 KAD)	100,00%
Rosendalstunet	28	27	103,77%
Varaldsøy	16	16	95,30%
Ølve	5	5	99,78%
	125	123 (122)	

Oversikt over institusjonsplassar i 2017. KAD plassar er kommunale akutt plassar.

Det er framleis noko å gå på når det gjeld utnytting av KAD-plassar, men sjølv om beleggprosenten ikkje er optimal er den blant dei beste i Helse Fonna.

Vedtak institusjon og omsorgsbustad.

Innanfor, langtid-, korttid- og avlastningsplassar på sjukeheim, samt tildeling av omsorgsbustadar har tildelingskontoret sakshandsama og tildelt fylgjande:

	Langtidsopphald	Korttidsplassar	Avlastning	Omsorgsbustad HDO	Omsorgsbustad
2016	39 innvilga	253 opphald	143 opphald	11 bustadar	16 bustadar
	21 avslag	13 avslag	4 avslag		
2017	35 innvilga	252	150	19	18
	28 avslag mange av desse har stått på vent i korttidsplass	11	2		6

Kostra tabellen under syner at Kvinnherad kommune ligg om lag midt mellom Kostragruppe 11 og andre kommunar vi samanliknar oss med når det gjeld dekningsgrad på institusjon i prosent av pleie- og omsorgstenesta. Vi har gått litt opp dei siste åra, noko som har samanheng med at kommunen har hatt mellombels institusjonsdrift fleire plassar i kommunen.

Dekningsgrad - Plasser i institusjon i prosent av mottakere av pleie- og omsorgstjenester

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	14,9 %	14,1 %	16,9 %	17,1 %
Mandal	19,6 %	19,2 %	18,7 %	18,6 %
Stord	12,2 %	11,8 %	12,1 %	12,2 %
Voss	22,2 %	22,8 %	21,8 %	22,2 %
Hordaland	21,9 %	20,6 %	20,2 %	19,7 %
Kostragruppe 11	16,4 %	15,9 %	18,4 %	15,3 %

Samhandling : Tal døgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar.

I fht. overliggjedøgn på sjukehus så viser det seg at det er ein del toppar i løpet av året som vil være vanskelig å løyse på anna måte. Kostnadane for overliggjedøgn var i 2015 på vel 2 million, for 2016 på vel 1.2 million og i 2017 på 483.979 tusen. God oversikt, styring og samarbeid mellom helseføretak, sakshandsamarar og kommunen internt er sterkt medverknad til resultatet, men også tal «toppar» i innleggelsar på sjukehusa og ulike sjukdomsbilete spelar inn.

Overliggjedøgn, på sjukehus													
År	Jan	Febr.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	Totalt
2015	42	18	4	5	23	18	12	7	29	44	135	90	427
2016	77	0	26	14	6	1	0	3	27	56	7	5	222
2017	3	4	3	2	13	3	17	7	2	8	8	23	93

Kjøp av rehabiliterings -plassar i Odda kommune	2015	2016	2017
Kostnad pr. døgn er kr. 2 500	125 døgn	95 døgn	47 døgn

Trass stor innsats så har det ikkje lukkast å få den samla institusjonsdrifta i samsvar med budsjettet for 2017. Stor reduksjon i tildelte budsjetttrammer og mellombels drift fordelt på fleire institusjonar var hovudårsakene til at ein ikkje oppnådde budsjettbalanse. I tillegg så tar det tid å byggje ned drifta og det vart difor ikkje full årseffekt av dei tiltak som vart iverksett. Kostra tal i tabellen under viser at kostnadane pr. institusjonsplass i kommunen har gått noko opp.

Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	1 263 259	1 294 510	1 195 750	1 232 700
Mandal	1 007 825	1 080 738	1 151 879	1 237 443
Stord	1 147 619	1 196 831	1 284 765	1 292 070
Voss	934 352	1 025 588	1 040 668	1 011 410
Hordaland	996 646	1 004 436	1 075 455	1 119 892
Kostragruppe 11	1 002 593	1 028 792	1 070 674	1 110 577

For 2018 vil drifta bli meir effektiv ved å samle fleire sengeplassar på Rosendalstunet. Samtidig vert det redusert sengeplassar på dei andre institusjonane for å oppnå budsjettbalanse. Det vart i 2017 utarbeidd *Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon eller tilsvarende bustad*, særleg tilrettelagt for heildøgnsteneste i Kvinnherad kommune. Ei av årsakene til at kommunen har ein høg kostnad per institusjonsplass er at brukarane både på langtid og korttidsplass har eit meir omfattande bistandsbehov enn dei kommunane vi vert samanlikna med. Dette er ein konsekvens av at dei bur lenger heime, og det er kunn dei som ikkje kan nytte seg av noko anna tilbod som får institusjonsplass. Sjå neste tabell.

Dekningsgrad – Andel brukarar i institusjon som har omfattande bistandsbehov .

Langtidopphald

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	97,8 %	97,0 %	96,9 %	96,7 %
Mandal	83,7 %	75,7 %	83,8 %	96,3 %
Stord			93,0 %	94,1 %

Voss	80,0 %	77,4 %	71,2 %	85,7 %
Hordaland	79,6 %	81,6 %	83,0 %	86,0 %
Kostragruppe 11	83,3 %	84,8 %	85,1 %	85,9 %

Sakshandsaming totalt innanfor sektoren

Innanfor omsorgstenestene er sakshandsaming eit omfattande arbeid. I 2017 var det 1 344 saker og dei aller fleste vart sakshandsama. Dette er eit arbeid som krev mykje ressursar både på sektorkontor og i einingane.

Status	Tal saker 2016	Tal saker 2017	Tal brukarar 2016	Tal brukarar 2017	Snitt behandlingstid 2016	Snitt behandlingstid 2017
Innvilga	1374	1344	681	677	14 dagar	18 dagar
Avslått	76	115	71	105	42 dagar	44 dagar
Avslutta utan sakshandsaming	82	73	76	65	26 dagar	35 dagar
Tal klagar u/medhald		4		4		20 dagar
Tal klagar m/medhald		1		1		3

2.4.3 Heimetenestene

Heimetenestene er fordelt på 5 einingar: Heimeteneste nord og heimeteneste sør, Rus- og psykiatritenesta og Bu- og habilitering nord og sør.

Diagnose og bistandsbehov innanfor målgruppene variera mykje og er individuelt tilpassa, men tenestene er heimla og tildelt frå same lovverk.

Tenestemottakarane er i hovudsak frå 18 år og oppover, og ein stor del av ressursane går til dei som er under 67 år. Tabellen under viser at kommunen har eit forholdsvis høg prosent innanfor denne brukargruppa.

Dekningsgrad - Andel heimeteneste mottakarar med omfattende bistandsbehov, 0-66 år

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	25,2 %	28,5 %	29,9 %	28,5 %
Mandal	16,1 %	14,7 %	12,7 %	13,9 %
Stord	24,8 %	26,4 %	29,8 %	27,7 %
Voss	23,2 %	22,7 %	22,9 %	24,3 %
Hordaland	24,3 %	22,8 %	23,4 %	23,7 %
Kostragruppe 11	20,2 %	20,4 %	20,0 %	19,9 %

Mange av desse brukarane har trong for omfattande tenester og kjem inn under ordninga ressurskrevjande brukara. Kostnadane for desse brukarane utgjorde i 2017 kr. 79.960.000. Forventa refusjon vil vere kr.34.328.000. Ressursane som vert nytta til desse tenestane er fordelt mellom målgruppene, men einingane i Bu og habilitering har ein stor overvekt av desse kostnadane. Kriteria for refusjon frå staten er at brukarane må vere under 67 år. Mange eldre kan ha mykje tenester, men på grunn av alderen fyller dei ikkje kriteria for refusjon i høve den statlege ordninga. I neste Kostra tabellen ser vi at kommunen har fått auke i driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester, og ligg noko høgare enn i fleire andre kommunar og i Kostragruppe 11. Dette har samanheng med at kommunen ligg høgt på andel brukarar i heimetenesta med omfattande bistandsbehov.

Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester (i kroner)

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	272 641	282 362	315 895	325 954
Mandal	255 424	250 634	245 169	249 689
Stord	336 751	338 599	365 769	382 574
Voss	158 217	170 220	159 442	175 453
Hordaland	257 736	247 440	259 891	266 031
Kostragruppe 11	244 306	242 430	306 454	260 984

Tabellen under viser at det vart tildelt 1193 færre timar i 2017 enn i 2016 og det var 25 færre mottakarar av tenestene. Reduksjonen tyder på at kommunen er blitt strengare i tildeling av tenester i 2017, både når det gjeld tal brukara som får teneste og omfanget av tenestetilbodet. Dette er gjennomført for å komme i budsjettbalanse. Det at vi likevel ligg høgare enn dei fleste andre kommunar pr. mottakar av heimeteneste støttar opp om at kommunen har brukara med omfattande bistandsbehov i denne delen av tenesta og.

	2015	2016	2017
Tildelte aktive timar	15522	13453	12260
Tal tenestemottakarar	1180	1188	1163
Tal individuell plan	47	51	61

Det er gjort eit betydeleg arbeid gjennom året med nøyaktig gjennom gangar av tenestene til brukarane. Samtidig har vi ved tildeling av nye tenester vore nøye med å avgrense tenestene både i omfang og tidsrom. Vi har tatt ned tildelinga av praktisk bistand i løpet av 2017. Når det gjeld helsetenester i heimen så er det vanskelegare å ta ned då vi ikkje kan redusere hjelpa utan at brukaren sin helsetilstand har betra seg då dette kan få alvorlege konsekvensar for brukarane. Det er heller ikkje lovgrunnlag for å redusere tenesten dersom ikkje vilkåra for tildelt teneste har endra seg.

Prioritet - Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, hjemmesykepleie

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	6,0	6,7	7,0	7,2
Mandal	6,9	6,7	5,9	6,6
Stord	9,3	10,3	10,6	11,0
Voss	3,8	3,7	3,4	3,6
Hordaland	6,3	6,3	5,9	6,1
Kostragruppe 11	4,8	4,8	5,0	5,1

Prioritet - Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	8,7	7,2	8,1	7,9
Mandal	2,9	2,9	2,8	3,0
Stord	7,7	7,6	8,2	7,6

Voss	5,5	7,3	6,6	6,9
Hordaland	7,9	8,4	8,6	9,1
Kostragruppe 11	9,4	10,2	10,4	10,6

Ei anna side av saka er at dersom vi redusera meir kan det bety eit auka trykk på tenestene høgare oppe i omsorgstrappa som til dømes plass i bufellesskap eller institusjonsplass. Dette er ikkje i tråd med kommunen sin plan om eit tenestenivå som er i samsvar med omsorgstrappa.

Det er svært positivt at fleire har fått individuell plan dette året, dette er i samsvar med lovverket og er med å sikre brukarane eit heilheitleg tilbod.

Andre tiltak som er gjort for å redusere driftskostnadane er fleire korte vakter i turnus for tilsette i deltidstillinga, dette vert opplevd negativ av dei tilsette.

I april 2017 vart det opna eit nytt bufellesskap innanfor rus- og psykiiritenesta. Tidlegare Omstun flytta til nye flotte lokal i Borgjo. Tal bebuarar i huset auka frå 6 til 10 den første mnd. utan at bemanninga vart auka. Ei av utfordringar vi har innanfor dette tenesteområdet er endring i lovverk som medfører at ein kan melde flytting i Folkeregisteret til institusjon om man er innlagt ved institusjonen meir enn 6 mnd. Dette har ført til ein auke i tal pasientar ved Valen sjukehus som har behov for langvarige koordinerte tenester busett seg i Kvinnherad kommune etter utskrivning.

Det er venteliste på plass i psykiatrisk bufellesskap og vi ser ein auke i behovet for døgntenester for å kunne ivareta dei sjukaste brukarane våre etter samhandlingsreforma og nedbygging av døgnplassar i spesialisthelsetenesta. Ca 70% av brukarane i tenesta har behov for langvarige koordinerte tenester frå kommunen. Vi ser og ein auke i søknader frå yngre menneske med lettare/moderate lidningar.

Kompetanse innanfor tenesteområde knytt til omsorgsdelen i sektoren.

Innanfor dette fagområdet har kommunen utfordringar med å rekruttere nok kvalifisert personale. Spesielt gjeld dette sjukepleiarar og vernepleiarar, men det er og trong for fleire helsefagarbeidarar.

Mangel på sjukepleiarar har ført til bruk av vikarbyrå som er ei kostbar løysing sjølv om forbruket på dette var vesentleg mindre i 2017 enn i 2016.

Eining	Regnskap 2015	Budsjett 2015	Forbruk i %	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Forbruk i %	Regnskap 2017	Budsjett 2017	Forbruk i %
TOTALT SEKTOR OMSORG HELSE OG SOSIAL	10 242 525	2 617 723	391,28	10 038 007	325 534	3 083,55	5 127 471	968 173	529,60
Halsnøytunet	1 967 196	255 000	771,45	3 322 790	101 500	3 273,68	1 024 028	950 690	107,71
Husnestunet	1 053 191	0	0,00	266 515	0	0,00	872 897	0	0,00
Rosendaltunet	4 411 475	220 723	1 998,65	4 959 695	224 034	2 213,81	1 859 548	17 483	10 636,32
Heimetenester Sør	268 933	0	0,00	102 522	0	0,00	8 224	0	0,00
Heimetenester Nord	2 541 731	2 142 000	118,66	1 378 304	0	0,00	367 010	0	0,00
Bu- og Habilitering Nord	0	0	0,00	0	0	0,00	977 074	0	0,00
Rus og psykisk helsetenester	0	0	0,00	8 181	0	0,00	8 735	0	0,00

Det er òg ei dårleg løysning fagleg då stabilitet og kjennskap til brukarane ikkje vert like godt ivareteke som ved fast personale. Avdelingsleiarane gjev tilbakemelding om at det er utfordrande å stå i situasjonar utan tilstrekkeleg fagleg dekning til å følgje opp krevjande pasient

Det same gjeld mangel på vernepleiar. Tenesta har store vanskar med å fylle kompetanse og lovkrav som er sett i fht. tenesteytinga, i tillegg så har stor betydning for kvaliteten på tenestutøvinga.

Fylgjande kompetanseheving vart gjennomført i 2017 (eller er under gjennomføring)

- 12 desentralisert sjukepleie, 3 blei ferdig 2017, 6 blir ferdig 2019 og 3 ferdig 2021
- 1 økonomi leiarmodul, ferdig 2017
- 5 helse og omsorg i plan vart i ferdig 2017
- 8 omsorgsteknologi, 7 vart ferdig 2017 og 1 blir ferdig 2018
- 2 vidareutdanning – eldre med alvorlig svikt i vitale funksjonar blei ferdig 2017
- 2 Bobath kurs, ferdig 2017

Utover dette er det gjennomført ein del kurs og internundervisning, men det har vore lite rom for opplæring og internundervisning innanfor tilgjengelege ressursar rundt om på arbeidsplassane i 2017. Dette er over tid ei uheldig utvikling då det påverkar både kvalitet i arbeidet og tilsette sin motivasjon. Tabellane under viser ein auke på 3% fagarbeidarar og 2% høgskuleutdanna. Diverre så er det ikkje berre helsefagleg høgskuleutdanning som er inkludert i den prosentsatsen, og det er difor framleis stor mangel på den kompetansen i sektoren.

Andel årsverk i brukarretta tenester m/ fagutdanning

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	74,0 %	74,0 %	71,0 %	74,0 %
Mandal	88,0 %	87,0 %	87,0 %	84,0 %
Stord	80,0 %	73,0 %	74,0 %	76,0 %
Voss	80,0 %	73,0 %	77,0 %	77,0 %
Hordaland	73,0 %	73,0 %	74,0 %	74,0 %
Kostragruppe 11	76,0 %	74,0 %	75,0 %	75,0 %

Andel årsverk i brukarretta tenester m/ fagutdanning frå høgskule/universitet

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	36,0 %	36,0 %	36,0 %	38,0 %
Mandal	39,0 %	41,0 %	41,0 %	37,0 %
Stord	44,0 %	39,0 %	40,0 %	39,0 %
Voss	29,0 %	28,0 %	31,0 %	31,0 %
Hordaland	36,0 %	35,0 %	36,0 %	36,0 %
Kostragruppe 11	32,0 %	32,0 %	32,0 %	33,0 %

Tilsyn

I eining for Bu og habilitering sør har Fylkesmannen i 2017 hatt eit stadleg tilsyn med tiltak etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. Funn ved tilsynet førte til mindre korrigeringar i kommunen sin søknad om vidareføring av vedtaket. Tilsyn ved Kvinnherad legevakt i desember avdekk tre avvik. Eit avvik vart lukka straks, dei to andre avvika er vi i ferd med å lukka. Tilsynet påpeikte også fleire positive sider; stabilt personale, legevakt i hovudsak dekk av lokale fastlegar, regelmessig og planlagt samtrening. Eigen legevaktjournal, daglegevakt vekedagar dekk av dei fire helsesentra og legar er tilgjengelege i Nødnett, og at vaktlege får uniformert legevaktbil i 2018. Husnestunet har hatt tilsyn frå fylkesmannen i oktober 2017.

Etter tilsynet fekk kommunen følgande avvik:

Kvinnherad kommune har ikkje sørgd for at tilsette ved Husnestunet, har fått tilpassa og tilstrekkeleg opplæring om samtykke til helsehjelp, og om vilkår for å gi somatisk helsehjelp med tvang.

I etterkant av tilsynet har det vært fokus på at personalet skal få den opplæring og forståing dei treng for å yte somatisk helsehjelp med tvang. Kommunen skal gje fylkesmannen tilbakemelding på om måla er nådd i løpet av våren 2018. I 2017 har det og vore gjennomført tilsyn frå mattilsynet på Husnestunet. Etter dette tilsynet vart det peika på store manglar i generelt vedlikehald på avdelingskjøkken. Manglande handvaskar på alle kjøkken og uklare rutinar for mathandtering og pasientarbeid. Ei pressa arbeidsdag gjer at det er umogeleg å skilje desse funksjonane. Etter tilsynet er IKT mat tydeleggjort og ein har jobba med å bevisstgjere personalet på dei ulike rollane. Teknisk har laga plan for utbetring av tilhøva på alle avdelingskjøkken.

Matproduksjon til institusjonane

Kjøkkendrifta på hovudkjøkkenet på Husnes har no erfaringar frå eit heilt driftsår. Det meste har no «gått seg til» og tilbakemeldingane frå brukarane og tilsette rundt i institusjonane etter dette året er svært gode. Det vert halde faste møter mellom hovudkjøkkenet og dei ulike avdelingane ved institusjonane og dette sikrar eit godt samarbeid og gode rutinar som bidrar til at ynskjer og behov vert godt ivareteke som til dømes diettar og spesialkost. Hovudkjøkkenet har i tillegg til sjukeheimane ansvar for kantinedrift på Husnestunet, Rådhuset og på Rosendalstunet frå 2018. I tillegg så har hovudkjøkkenet hatt aukande catering levering.

2.4.4 Utfordringar

Den demografiske utviklinga viser at talet eldre er aukande i Kvinnherad. I tillegg så ser vi ein stor auke i tal unge som fell utanfor i arbeidslivet. Til saman vil dette gje kommunen store utfordringar framover som krev løysingar som ikkje medfører unødige høg ressursbruk. I fht. eldregruppa så vil det vere vanskeleg å møte denne auken både i fht. ressursar og tal tilsette innanfor fagområdet dersom det skal løysast på same måte som no. Ulike tiltak på førebyggingssida vert sentrale og bør prioriterast framover. Kor godt ein lukkast med dette vil i stor grad vere avgjerande for framtidig hjelpebehov både i omfang og når tid i alderdommen behovet oppstår. Aktuelle tiltak er at haldning- og førebyggingsarbeid i høve ansvar for eiga helse. Andre tiltak er til dømes etablering av ulike universelle butilbod, implementering av kvardagsrehabilitering og omsorgsteknologi. Det vart sett ned prosjektgrupper for både kvardagsrehabilitering og omsorgsteknologi i 2017 for å utgreie og komme med forslag til modellar som skal implementerast i drifta framover. Når det gjeld dei mange unge så må kommunen etablere tiltak på ulike plan. Det handlar om førebygging og tiltak på alle alderstrinn for å unngå «eit liv på NAV».

2.4.5 Nav og Aktivitet, læring og meistring

Utbetalinger til økonomisk sosialhjelp gjekk ned frå 2016, trass i at fleire personar fekk hjelp. I 2017 fekk 335 personar sosialhjelp, mot 315 året før. Utgiftene til sosialhjelp redusert med 1,1 million frå 2016 til 2017. Ved inngangen til 2017 var arbeidsløysa på 4,1% - 233 personar. Ved utgangen av året var dette redusert til 3,1% - 154 personar.

I høve 2016 var det 20 fleire unge som fekk innvilga sosialhjelp i 2017 – frå 95 til 115 personar.

Brutto driftsutgifter og andelen sosialhjelpsmottakarar

	Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker
Kvinnherad	4,1 %	21 427
Mandal	3,3 %	25 513
Stord	3,9 %	38 610

	Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker
Voss	3,6 %	57 924

Trass dette har det skjedd mykje positivt for denne gruppa. Ved inngongen av året var totalt meir enn 300 ungdomar utan arbeid i Kvinnherad, ved utgongen av året var talet under 200. Mange har kome i arbeid eller starta i utdanning. Det betyr at aktiv oppfølging og utstrekt bruk av arbeidsretta tiltak har fungert. Frå hausten 2017 vart det nytta meir personalressursar til oppfølging av ungdom gjennom eige ungdomsteam. I oppfølginga nytta ein både statlege tiltak som lønstilskot, arbeidstrening og diverse kurs i tillegg til egne tiltak, som Vedprosjektet, OMA og Ung Meistring.

Aktivisering, støttetjenester - andel av netto driftsutgifter til plo

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	5,7 %	5,0 %	4,4 %	5,5 %
Mandal	5,5 %	5,3 %	5,0 %	4,1 %
Stord	6,7 %	6,6 %	6,6 %	6,5 %
Voss	4,9 %	4,6 %	5,0 %	5,4 %
Hordaland	6,5 %	6,6 %	6,5 %	7,1 %
Kostragruppe 11	4,8 %	4,7 %	4,5 %	4,6 %

Lovverket har i 2017 sett krav til unge sosial mottakarar i form av arbeidsplikt og her er det etablert eit samarbeid mellom Nav og eininga Aktivitet, læring og meistring som ivaretek deler av dette. I tillegg så driv eininga tenesta Aktiv fritid, eit tilbod til personar over 18 år som av ulike grunnar treng hjelp for å oppleve ei meningsfull fritid og samvære med andre. Andre viktige oppgåver eininga ivaretek er lærings- og meistringskurs som skal bidra til eigenmeistring. Dømer på dette er kurs i høve diabetes, kosthald, KOLS, og psykiske helse.

Kvinnherad kommune har store utfordringar med eit høgt nivå av personar med psykiske symptom og lidingar. Dette medverkar til at vi også har ein stor del uføretrygda, og då spesielt unge. Kommunen har i 2017 og halde kurs i meistring av belastningar for personar som ynskjer å betre evna si til å meistre belastningar knytt til arbeidsliv og privatliv. Dette er ein måte å nå personar tidleg i eit eventuelt sjukdomsforløp og gje dei teknikkar og meistrings-strategiar som kan vere med å hindre vidare sjukdomsutvikling.

Dei sosiale møtestadane som eininga har overteke drifta for i 2017 er helsefremjande dagaktivitetstilbod som gjev lågterskeltibod til mange med ulike utfordringar som psyksisk, sosialt og liknande.

2.4.6 Integrering og opplæring

Flyktningkontoret, som tidlegare var organisert i NAV, og Vaksenopplæringa vart slått saman til ei eining frå årsskiftet 2017. Frå 1. august fekk ein felles einingsleiar på plass og eininga vart samlokalisert i midten av oktober. Det er eit klart inntrykk av at tenestene som gjennom omorganiseringa no er samla nyt godt av denne endringa. Flyktningar som kjem til Kvinnherad er forplikta til å delta i eit toårig introduksjonsprogram. Formålet med introduksjonsprogrammet er å styrke nyankomne innvandreres mulighet for deltagelse i yrkes- og samfunnslivet, og deres økonomiske selvstendighet, jfr introduksjonslova § 1. For å nå dette målet har kvar deltakar sin individuelle plan. Planen skal byggja på tidlegare skulegang, arbeidserfaring og anna kompetanse. Eininga jobbar med å vidareutvikla samarbeidet med NAV og vidaregåande skule for å gjera tilbodet til brukarane meir heilskapleg. Deltakarane gjennomfører norskopplæring og opplæring i samfunnskunnskap og førebuing for deltaking i yrkeslivet. Eit viktig møte med samfunnet er deltaking i språkpraksis.

	2015	2016	2017
Deltakara i introduksjonsprogrammet	33 personar	33 personar	73 personar
Norsk og samfunnkunnsksp			140 personar
Grunnskule + eksamensklasse			6 + 5 personar
Busette flyktningar gjennom IMDI systemet			16 personar
Familiesameining			21 personar

Innanfor flyktningetenesta er det trong for kompetanseheving når det gjeld norsk som framandspråk (norsk2). Denne kompetansen er viktig i det faglege utviklingsarbeidet i eininga. Ei vellukka integrering er ikkje noko ei eining kan gjera på eiga hand. Dette er eit arbeid som femner om både det offentlege tilbodet, det frivillige arbeidet og korleis vi kvar og ein møter nye innbyggjarar i kommunen vår.

2.4.7 Helsetenester

Innbyggjarane i Kvinnherad har ei god legeteneste med i hovudsak stabile fastlegar, og legevakt med lokale legar som har god kunnskap om kommunen vår og spesialisthelsetenesta i nærområdet vårt. Det er til saman 10 av 18 legar som er spesialistar i allmenmedisin, 6 er i spesialisering. Ein lege er spesialist i pediatri og ein i anestesi. Det er ledig listekapasitet ved alle legekontor, likevel lang ventetid for time hos nokre fastlegar. Legevakt er for tida 11-delt og i hovudsak dekkja av fastlegar i Kvinnherad. Legar i vaktrulling og tilsette ved Kvinnherad legevakt er byrja sikra obligatorisk kompetanseheving for å innfri krav i ny forskrift om akuttmedisin. Sidan helsesentera fungerer som desentralisert daglegevakt, skal også tilsette her innfri kompetansekrav for legevaksarbeid. Nye krav til kompetanse for legar i vaktordning, og krav om bakvakt for legar som ikkje innfrir kompetansekrava, har medført auka vaktbelastning for legevakslegar som innfrir kompetansekrava. Desse legane har bakvakter med plikt til utrykking i tillegg til egne vakter. Det er tilsett ny kommuneoverlege i 50 % stilling frå 01.09.17, det er ein auke på 10%. Same lege er og tilsett som sjukeheimslege i 50 % stilling ved Rosendalstunet, det utgjør ein auke på 20%. Kostra tala under viser at dette slår positivt ut på begge områda. Sjukeheimane har etter kvart fått fleire brukara med komplekse sjukdomsbilde og ei styrka legedekning bidrar til auka fagleg kvalitet på tilbodet.

Dekningsgrad - Årsverk av kommunelege pr. 10 000 innbyggere.

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	0,3	0,3	0,3	0,5
Mandal	0,4	0,4	0,4	0,5
Stord	0,4	0,4	0,5	0,4
Voss	0,7	0,4	0,3	0,8
Hordaland	0,5	0,4	0,5	0,6
Kostragruppe 11	0,6	0,6	0,7	0,6

Kvalitet - Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem

Gruppert per år

	2014	2015	2016	2017
Kvinnherad	0,54	0,44	0,44	0,65
Mandal	0,33	0,36	0,46	0,47
Stord	0,41	0,43	0,41	0,54
Voss	0,28	0,33	0,40	0,39


Hordaland	0,59	0,64	0,67	0,71
Kostragruppe 11	0,42	0,44	0,52	0,46

Samfunn

Sektoren har ein god del samarbeid med frivillige innanfor omsorgsdelen. Dette samarbeidet betyr mykje for både brukarar og tilsette. De frivillige bidrar med å arrangere ulike arrangement på sjukeheimane, dei går turar, arrangera trim og er aktive med ulike »ute aktivitetar« rundt på sjukeheimane.

Utover dette så er det samarbeid med barnehagar, skular, lag og organisasjonar. Sektoren har lærlingar i fleire av einingane, og tek i mot sjukepleiarstudentar som skal ha praksis.

2.5 Sektor teknikk og miljø



2.5.1. Om sektoren

Sektoren består av sektorkontor og 6 einingar.

Sektoren har hatt eit forbruk på 100,81 % i høve til budsjett. Vatn og avløp er eit sjølvkostområde der overskot eller underskot vert ført mot fond, og årsresultatet skal bli null, men så viser rekneskapen eit underskot på kr. 1.149.065,-. Dette beløpet vert belasta sektoren som underskot, grunna dobbeltføring av indirekte kostnader og dermed feil i balansen for året 2016.

Rekneskapsversikten finn ein i vedlegg [Rekneskap – sektorar](#).

Talet på årsverk/tilsette

Det store gapet mellom talet på årsverk og talet på tilsette skuldast 2 tilhøve:

- 67 stillingar er frivillige brannkonstablar i 1,03 % stilling.
- Dei fleste reinhaldarane har redusert stillingsprosent.

Auken i tilsette er grunna endringar i organisasjonen.

Sjukefråvær

2016: 4,8 % (Reinhold 8,6 %)

2017: 6,6 % (Reinhold 12,8 %)

Det er høgt sjukefråvær i eining for reinhald. Det må vurderast å innføre meir ressurter/bjelpemiddel i det daglege arbeidet, for å redusera belastningsskader.

2.5.2 Sektorkontor

Maskin og transport

Avdelinga «Maskin og transport» vart oppretta 01.01.2017. Sakshandsamar (eitt årsverk) er plassert i sektorkontor for Teknikk og miljø. Oppgåvene omfattar bl.a.:

- Oversikt over kommunale bilar, utstyr, køyretøykontrollar.
- Økonomisk ansvar for bilane som utgifter til verkstad, bompasseringar, drivstoff m.m.
- Innmelding av skademeldingar til forsikringsselskap.
- Fornyng av bilparken.
- Oppgradering av parkeringsplassar (ladestasjonar).
- Rullera på bilane, sørge for at bilane er mest mogleg i bruk, og at fleire har tilgang på bil.
- Skaffa og oppretthalda rammeavtalar med leverandørar.

Pr. 31.12.2017 hadde kommunen denne køyretøyparken:

- 70 Personbilar (5 el-bilar)
- 62 Varebilar
- 5 Lastebilar
- 3 Minibussar
- 7 Motorreidskap (gravemaskinar m.m.)
- 5 Traktorar
- 26 Tilhengarar

Oppgåver 2017

I 2017 hadde maskin og transport investeringsmidlar som skulle brukast på å kjøpa ut leasingavtalar, innfri lån og fornya bilparken. Utkjøp av leasing- avtalar og lån har ført til store innsparingar på drifta. Kommunen hadde lån og leasing i 4 ulike selskap. Siste leasing vart kjøpt ut juli 2017. Fleire av bilane som var leasa hadde bensinkort gjennom leasingselskapet, dette gjaldt og bilar vi allereie hadde kjøpt ut. Dette førte til ekstrakostnader for sakshandsaming og fakturering. Desse avtalane vart sagt opp og nye Circle-K kort vart bestilt. Vinsten ved at vi kjøpte ut bilane og ikkje leverte dei tilbake, sparte oss for store reperasjonskostnader ved innlevering, i tillegg til at vi heile vegen hadde bilbehovet dekt rundt i kommunen.

- 23 bilar vart kjøpt ut av leasing
- 20 lån vart innfridd
- 3 bilar vart kjøpt nye
- 2 bilar vart kjøpt brukt

Haustralvåret vart det jobba med anskaffing av rammeavtalar på verkstad, dekk/dekkhotell og rekvisita. Dette via Doffin. Avtalane kom i gang i byrjinga av desember.

Prosjekt 5476/Ladestasjonar: Kvinnherad kommune ynskjer ein grønare profil og det ligg i planane å investere meir i El-bilar 2018. Det vart søkt Hordaland Fylkeskommune om midlar til ladestasjonar, og det vart innvilga ein sum til dette. Dette arbeidet er i gang, men ikkje ferdigstilt. Ladestasjonane vil verta sett opp ved soneparkering til Heimesjukepleien. I alt 10 ladestasjonar skal setjast opp fordelt på Husnestunet (8) og Rosendalstunet (2).

Gjennom året vart det arbeid med retningslinjer for bruk av kommunal bil. Vil bli publisert i 2018.

Eigedomsforvaltning

Kommunal eigedomsforvaltning (2 årsverk) har lege til sektorstab, men er frå 01.01.2018 flytta til «Eining for prosjektering og utbygging», dette av praktiske årsaker, bl.a. grunnverv til alle kommunale utbyggingsprosjekt.

I meldingsåret har eigedomsforvaltninga arbeidd med m.a. desse sakene:

Grunnkjøp

- Grunn til Opsangervegen
- Grunn til veg gjennom Lundsneset

- Grunn til ny avkøyrsløse Husnes industriområde
- Innløysing av grunn til «Kollektivknutepunkt Rosendal»
- Grunn til ny rundkøyring Hellandskryset
- Industriområde Hydro Husnes 32 da
- Grunnerverv til nytt vassinntak Sandvoll
- Grunnerverv ny gravplass Husnes
- Tomt Varaldsøy Vassverk
- Tomt til uteareal Omvikdalen Barnehage
- Del av Høylandsbygd Båthamn
- Parkeringsareal Folgefonnsenteret
- Bustadeigedom «Prestnessaka»

Grunnavtalar

- Tiltak nedslagsfelt Varaldsøy Vassverk
- Ænes vassverk, Høgdebasseng og UV-anlegg.
- Ænes avløpsanlegg
- Spillvassleidning Lyngstrand
- Vassleidning Opsanger
- Vassleidning Valen
- Vassleidning Sandvoll
- Slamavskiljar Heio, Ersland
- Slamavskiljar Rudlen, Sandvoll

Sal av grunn

- Næringstomter Børneset
- Sunde Gamle Skule
- Bustadtomt Storhaugen, Ølve
- Hyttetomt Ågotelv
- Festetomt til innvendig sandvolleyballhall, Strand-Ulv Hallen AS
- Festetomt Halsnøy idrettslag, for bygging av nytt klubbhus
- Overføring av Borgundøy og Fjelbergøy ferjekai til Hordaland Fylkeskommune
- Festetomt eksisterande hytte Borvika

Næringsutvikling

- Ny avkøyrsløse F48 - Husnes industriområde grunna rekkefølgekrav i reguleringsplan «Stripo».
- Ny reguleringsplan for avkøyrsløse F 49 Skarvatun/ hyttefelt «Troppo».
- Kobbekbukta fiskerihamn, konkurranse og tildeling av kontrakt.
- Utvikling av byggefelt Dalsjøen, samarbeid mellom Ølve Eigedomsutvikling As og Kvinnherad kommune.
- Utbygging av infrastruktur Øvre Børneset.

Anna

- Reguleringsplan for ny idrettshall Husnes

Eigedomsforvaltninga har også hatt ein del arbeid med div. festeavtaler, leigeavtaler, grunnavtaler, grensejusteringar, reguleringsplaner, jordskiftesaker, hefte/rettigheter, nabovarsling til kommunale eigedommar mm.

Personal og økonomi

I tillegg til eitt årsverk på avdeling for «Maskin og transport» er 0,3 stilling knytt til delegert leiging innan personal- og økonomioppgåver på tvers i sektoren. Sektorstaben består av 1,3 årsverk, men bør aukast til 2,0 årsverk.

2.5.3 Eining bygg og eigedom

Eininga har i hovudsak ansvaret for drift av formålsbygg og utleige av bustadar. I tillegg har eininga koordineringsansvaret på tvers i organisasjonen vedr. prioriteringar og planar for mindre rehabiliteringar av kommunale bygg (skular, barnehagar og institusjonar m.m.).

Byggdrift

Byggdrift har registrert 5.300 aktivitetar i FDV-systemet Famac i 2017, dette er ein nedgang på omlag 700 innmeldte og handsama aktivitetar for formålsbygga i forhold til 2016. Desse aktivitetane kjem frå brukarbehov, internkontrolloppgåver og avvik frå tilsyn. Det har vore over normal aktivitet på vedlikehaldsoppgåver, men straumutgiftene vart overført til Bygg og eigedom noko som resulterte i eit lite overforbruk på ansvarsområdet. Byggdrift har også bidrege Prosjektavdelinga i mindre ombyggingsprosjekt.

Offentlege toalett

Ansvarsområde 5124 har ein eigen budsjettpost som skal ivareta leige av toalettanlegget i Rosendal, det var sett av kr 100 000.- i driftsmidlar. Balanse mellom budsjett og kostnader ser ut til og liggja innanfor det som var forventa. I samband med planlegging av «Kollektivknutepunkt Rosendal» vert det lagt opp til at kommune/fylkeskommune skal etablere toalett i eit nytt terminalbygg, noko som dermed vil gi reduserte driftskostnader.

Utleige av kommunale bustadar

Kvinnherad kommune disponerer i alt 265 leilegheiter i 2017. Det var ein kalkulert vakanse på 6% i året. Det er berre delvis innført gjengs husleige på kommunale bustader, jamfør kommunestyre- vedtak. Nytt saksframlegg om gjengs husleige skal på nytt opp i Levekårskomiteen og Formannskap i 2018. Det er gjennomført kjøp av 22 leilegheiter på Husnes i samband med «Bustadpakken», 8 av desse vart ferdigstilt i oktober 2017, resterande er forventa ferdigstilt hausten 2018.

Utleige av kommunale utleigebygg

Utleige av kommunale utleigebygg har auka i 2017 i og med at Kvinnherad kommune kjøpte Aksen i 2017, her følgte det med leigekontraktar med ein verdi på ca. 1 mill. kr. per/år. Andre utleigebygg ligg inne med forventa inntekter og driftskostnader.

2.5.3 Eining prosjektering og utbygging

Eininga har gjennomført vedtekne investeringsprosjekt i budsjett- og økonomiplan, innanfor ansvarsområda til sektoren. Den nye eininga tok form i siste del av 2016, og det vart tilsett einingsleiar frå 01.01.2017. Eininga har hatt fokus på å få betre samsvar mellom politiske vedtak i budsjett/økonomiplan og faktisk framdrift. 2017 har vore eit hektisk år med mange og store prosjekt gåande samstundes. Høg aktivitet fordrar at eininga har tilstrekkelig og rett bemanning. Det har vore ei utfordring å rekruttere nye medarbeidarar med rett fagkompetanse, det er difor viktig at budsjett/økonomiplan er realistisk og at ein har tilstrekkeleg bemanning til å gjennomføra investeringsprosjekt t i tråd med vedtekne planar. Det er arbeidd med nye felles digitale system for prosjektgjennomføring. Desse skal bl.a. bidra til auka produksjon, redusert kostnadsnivå og miljørette løysingar som bidrar til reduksjon av framtidige drifts- og vedlikehaldsutgifter. Fokus dette året har vore utarbeiding av nye rutinar og malar for saksarkiv til prosjekt, offentlig anskaffing, førebygging av sosial dumping i bygg- og anleggskontraktar og handheving av byggherre forskrifta. Kurs og seminar er gjennomført i både eigen regi og gjennom nettverkssamlingar. I tillegg har ein hatt eit fellesseminar i offentlig anskaffing med entreprenørbransjen i Kvinnherad, der meir lik tolking av regelverket og kva reglar og prosedyrar som må fylgjast, har vore målet.

Det er arbeidd med nye felles digitale system for prosjektgjennomføring. Desse skal bl.a. bidra til auka produksjon, redusert kostnadsnivå og miljørette løysingar som bidrar til reduksjon av framtidige drifts- og vedlikehaldsutgifter. Vedlagt finn ein oversikt over avslutta p

2.5.4 Eining vatn og avløp

Eining for vatn og avløp har ansvar for drift og forvaltning innan desse tenesteområda:

1. Drikkevassforsyning
2. Avløpshandtering
3. Renovasjon
4. Tømming private slamavskiljarar

I tillegg bidrar eininga prosjektavdelinga, og er «Bestillar» av alle nye VA- investeringsprosjekt i tråd med «Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2013 – 2024». Ansvarsområda er underlagt sjølvkostprinsippet, dvs. at alle utgifter, også renter og avdragskostnader på investert kapital, er finansiert med tilsvarende gebyrinntekter.

Tekniske nøkkeltal

- 9 kommunale vassverk, 5.405 abonnentar, noko som er ein auke på 104 stk. i 2017
- 23 kommunale avløps- reinsedistrikt, 4.443 abonnentar, ein auke på 88 stk. i 2017
- 5.745 renovasjons abonnentar, bustadhus som er ein auke på 34 stk. i 2017
- 1.768 renovasjons abonnentar, fritidshus som er ein auke på 16 stk. i 2017
- 2.529 slamtømeabonnentar, som er ein auke på 36 stk. i 2017
- 45 overbygde pumpestasjonar
- Overvaking/fjernstyring av alle VA anlegg (PC / nettbrett). Vi overvaker 949 komponentar.
- Kvar av desse overvakast på fleire punkt som temp./ ampere/ mengder/ driftstid/ start/ stopp/ andre parametar
- 220 km med kommunale VA leidningar
- 15 tilsette, Heilkontinuerleg/dobbel vaktordning, eigen maskinpark

Resultat for brukarane


Verksemda si aller viktigaste oppgåve er å levera hygienisk/helsemessig drikkevatt i tråd med Drikkevassforskrifta og målsettingar i hovudplan. Kommunen som vassverkseigar har krav på seg til å levera vatn i tilstrekkelig mengde og med godkjent kvalitet til forbrukar. Mattilsynet fører tilsyn med at desse krava blir oppfylt, bl.a. gjennom krav til ROS- analysar og beredskapsplanar. For å kontrollere at ein tilfredsstillar kravet om godkjent kvalitet har kommunen eit program for å overvaka drikkevasskvaliteten. I eige laboratorium på Husnes analyserer vi kvar veke prøvar av råvatn, reintvatn og drikkevatt ute på nettet etter ein prøvetakingsplan som er godkjent av Mattilsynet. Drikkevassforskrifta set krav til kva parametar som skal analyserast. Dette er koliforme bakteriar, e.koli, kimtal, pH, fargetal, leidningsevne og turbiditet. Ei statistisk omarbeiding av analyseresultata blir kvart år rapportert til Mattilsynet. Desse vert registrert i Vassverksregistert (VREG) som ligg på Folkehelsa si heimeside: www.fhi.no/vannverksregisteret. I 2017 er det teke ut om lag 470 prøvar frå vassverka sitt forsyningsområde. Ingen av prøvane inneheldt E.koli eller andre tarmbakteriar i 2017, som er den viktigaste parameteren.

Innsamling av avløp skjer i tråd med Forureiningsforskrifta og målsettingar i hovedplan. Kvinnherad kommune er medlem og medeigar av DIHVA IKS, og deltar i fleire større interkommunale samarbeidsprosjekt, som t.d. felles VTA (sikring av dam- anlegg), felles VA-norm, felles mal for beredskapsøvingar, felles VA- gebyrforskrift m.m. Kvinnherad kommune er medlem og medeigar av SIM IKS, og samarbeider om avfallshandtering og slamtøming, i tråd med avfallsplan og slamplan.

Fokus på lekkasjesøk

Eininga jobbar aktivt for å halda lekkasje nivået så lågt som mogleg. Dette ved hjelp av stadig betre overvaking og auka bruk av trendar, samt aktivt lekkasjesøk ute i felt.

I. Vann - kvalitet (M) (K) etter region, statistikkvariabel og år



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Resultat for medarbeidarane

I rapporteringsåret har VA sitt fokus i stor grad vore retta mot prosjekta i Opsangervegen og Lundsneset. I tillegg er det gjennomført separeringsjobbar og utskifting av store vasskummar. Alle operasjonar har hatt høgt HMS fokus for at ingen skader på personell, materiell og miljø skal oppstå. For å oppnå best mogleg bevisstgjerings på HMS er det gjennomført fylgjande aktivitetar:

Vasskvalitet – krav frå Mattilsynet

Kommunen som vassverkseigar og -driftar har krav på seg til å levera vatn i tilstrekkelig mengde og med godkjent kvalitet til forbrukar. (drikkevassforskrifta). Mattilsynet fører tilsyn med at desse krava blir oppfylt. For å kontrollera at ein tilfredsstillar kravet om godkjent kvalitet har kommunen eit program for å overvaka drikkevasskvaliteten. Ein tar ut prøvar kvar veke av råvatn, reintvatn og ute på nettet etter prøvetakingsplan som er godkjent av Mattilsynet. Drikkevassforskrifta set krav til kva parametrar som skal analyserast. Dette er koliforme bakteriar, e.koli, kimtal, pH, fargetal, leidingsevne og turbiditet. Ei statistisk omarbeiding av analyseresultata blir kvart år rapportert til Mattilsynet. Desse blir registrert i Vassverksregisteret (VREG) som ligg på Folkehelsa si heimeside: www.fhi.no/vannverksregisteret I 2017 er det analysert 470 vassprøvar (36 akkreditert lab) frå leidningsnettet til dei 9 vassverka våre. Analyseparametrane er koliforme bakteriar, E. coli, enterokokkar, kimtal, pH, fargetal, leidingsevne og turbiditet. Ingen av prøvane inneheldt E. coli eller andre tarmbakteriar.

2.5.5 Eining veg og park

Eininga er pr. 01.01.2018 bemanna med 4 fagarbeidarar, ein arbeidsleiar og einingsleiar. Eininga rår over ein mindre maskinpark for drift av fagfeltet.

Eining for Veg og Park er tillagt følgjande fagfelt:

- 173 km kommunale vegar
- 21,6 km kommunale fortau
- 10 kommunale kaiar
- 40 kommunale bruer
- Kommunale fotball- og idrettsbanar
- Kommunale parkar og friområde
- Drift av vegljøs på kommunale og fylkeskommunale v

Park og Idrett

Kvinnherad kommune driftar tre kommunale idrettsanlegg i Rosendal, Husnes og Halsnøy. Desse anlegga er av varierende standard frå nyare anlegg på Husnes til noko lågare standard i Rosendal og Halsnøy. I tillegg er det ein del kunstgrasbanar i kommunen der ein utfører vedlikehald i samarbeid med idrettslaga. Eininga arbeidar no med tiltak for å redusera driftskostnader på anlegga utan att dette skal gje redusert tilbod til brukarane. Dette er føreslege løyst med investering i betre utstyr samt spesialutstyr for reinsing av kunstgrasbanar i eigenregi. Friområda og turstiar vert drifta i eigenregi og i samarbeid med Friluftsrådet Vest. Hovudansvaret vårt er stort sett grovare vedlikehald på skog og kratt samt løysing for avfall. Vi har sett ein auke i bruk av område knytt opp mot fjell og nasjonalpark. Kommunen har dialog med friluftsråd og nasjonalparkmynde for å løysa utfordringar med parkering og blant anna ved Ænes er ny parkeringslass tilrettelagt i dette samarbeidet. Grøntanlegga i kommunen vert drifta som tidlegare men ein har redusert noko i omfang for å spara kostnader. Parken på Husnes langs Opsangervatnet er for tida under ei større oppgradering og vil når den står ferdig ha fått ei tiltrengt standardheving.

Veg

Eininga har drifta det kommunale vegnettet etter behov og utført naudsynt vedlikehald på dei områda ein har ansvar for. Vinteren i første del av året var prega av mildver og nedbør i form av regn. Dette gav oss betydelege innsparingar i kostnader på brøyting og strøing på budsjettet. Dessverre fekk vi på hausten ein god del nedbør som resulterte i flaum og ras på delar av vegnettet, noko som medførte kostnader som også vil følgja inn i neste år med utbetring. I 2017 har ein lagt 1660 tonn asfalt på det kommunale vegnettet i re-asfaltering. Desse kostnadene er tatt på investeringsbudsjett og er derfor ikkje inne i driftskostnader. Ein har også utført vedlikehald av bruer og kaiar og utført påkravd tilsyn med 5 års kontroll. Ut frå denne rapporten har ein ved hjelp av sysselsettingsmidlar starta eit arbeid for å redusera etterslepet på kommunale bru og kai-konstruksjonar. Vegljøs vert drifta av dei to lokale kraftlaga på avtale med kommunen. Vi har i løpet av 2017 skifta ut 630 ljospunkt på kommunale vegar med LED. På sikt vil desse kostnadene gje oss reduserte straumkostnader og lågare vedlikehaldsbehov. Dette arbeidet vil fortsetja i 2018 med liknande omfang. Det er mange ynskjer om nye vegljøs på vegnegnettet i kommunen og vi har i løpet av året sett opp fleire nye ljøs på vegnettet. Eininga har ikkje registrert skader på miljø, personell eller utstyr gjennom året som fylgje av drifta, og trivsel og arbeidsmiljø er godt.

2.5.6 Eining brann og redning

Kvinnherad brann og redning har ansvar for brann og redningsberedskapen i Kvinnherad kommune, samt førsteinnsats ved akutt forureining. Vi er 4 heiltidstilsette fordelt på førebyggjande- og beredskapsavdeling. Eininga har ansvar for drift av 8 brannstasjonar med ca. 75 deltidstilsette brannmenn og brannkvinner.

Førebyggjande avdeling

Den 01.01.2016 trådte forskrift om brannførebygging i kraft. Den nye forskrifta gir kommunen større fridom til å nytta ressursane på førebyggjande avdeling best mogleg. Blant anna er kravet til hyppigheit på tilsyn i særskilde brannobjekt fjerna, og det er nå opp til avdelinga sjølv å vurdere hyppigheit på bakgrunn av gjennomført risikovurdering. Den nye forskrifta pålegg oss å kartlegga og følgja opp risikogrupper. Dette gjeld til dømes rusmisbrukarar, eldre med nedsett funksjonsevne og innvandrarar. Det førebyggjande arbeidet skal kvart år planleggast, gjennomførast og evaluerast for å sjå om vi nyttar ressursane på ein hensiktsmessig måte.

Det er inngått ny avtale om feiing og tilsyn med firmaet Berthelsen AS. Dei er 3 tilsette som følgjer opp Kvinnherad kommune, og det vert lagt ned mykje tid på dokumentasjon av utført teneste.

Beredskapsavdelinga

Brann og redning hadde 137 oppdrag i 2017 med 154 stasjonsutrykkingar, noko som var ei auke på nesten 35% i forhold til 2016. Det var ein nedgang i utrykkingar til unøydige alarmer, men ei kraftig auke på utrykkingar til trafikkulykker og «first-responder» oppdrag.

Beredskapsavdelinga har i løpet av 2017 hatt ei stor utfordring når det gjeld rekruttering av mannskap til brannstasjonane, og det er få stasjonar som er fulltalige når det gjeld mannskap. Dessverre hadde vi ei utrykking der ingen mannskap møtte ved alarm.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn med Kvinnherad brann og redning i desember 2016, og det vert framleis arbeida med oppfølging av dette tilsynet. Kommunen har fått pålegg om oppgradering av samtlege brannstasjonar for å ta i vare helsa til brannmannskapa. Kommunen startar med ombygging av Husnes, Rosendal og Ølve brannstasjonar, men må også oppgradera dei resterande brannstasjonane.

Hovudbrannstasjonen på Husnes fekk ny mannskapsbil til ein verdi av 6 millionar i 2016. Til tross for heilt ny bil på Husnes stasjon har brann og redning fortsatt ein svært gamal bilpark med snittalder på ca. 20 år.

2.5.7 Eining reinhald

Generelt

Reinhald er utført etter gjeldande reinhaldsplaner. Det er forholdsvis låg frekvens på reinhaldet. Det er auka med små lokaliteter i sentrum, dette fordi vaksenopplæringa er spreidd i mange hus i Lonabrotet. Det er fleire av lokala som ikkje har vatn og utslagsvaskar, slik at reinhaldarane må bera bøtter med vatn rundt til lokala dei skal vaska. Dette er heldigvis kun ei overgangsordning til «Nye Aksen» er på plass. Det er blitt vaska ut/ned 3 kommunale leilegheiter utanom våre vanlege oppgåver. Det er også brukt ekstra tid på reinhald i rådhuset etter flytting av lokale/kontor. Det er blitt mange fleir utfordringar med færre tilsette, og sjukefråværet er auka drastisk.

Årsverk

Kompetanse og sjukefråvær

Det er per. 31.12.2017 24 reinhaldarar som har fagbrev.

Ved utgangen av 2017 var sjuke fråværet 12,8 %. Samanlikna med 2016 med eit fråvær på 8,6 %, gir dette ei auke på 4,2 % .

2.6 Seksjon stab

Seksjon stab er dette året 28 tilsette med ansvar for oppgåver innan:

Økonomi, Informasjon, IKT, politisk og administrativt sekretariat.

Kven er brukarane våre

Stab har brukarar i alle dei andre einingane og avdelingane i organisasjonen, og har i tillegg oppgåver i forhold til politikarar og til innbyggjarar i kommunen. For at tenestene våre skal kunna følgja den digitale utviklinga som er i samfunnet elles, er det heilt nødvendig at me klarar å frigjera ressursar slik at strategi- og utviklingsoppgåver og ikkje vert «slukt av» dagleg drift. Dette har vore ei stor utfordring for oss dette året, og me prøver i ein travel kvardag å gje brukarane våre fagleg og god rettleiing knytt til enkeltsaker, og me har også på alle våre område lukkast med å kursa tilsette i organisasjonen gjennom læringssamlingar, både her på rådhuset og ute i einingane.

2.6.1 Arbeidsmiljø

Me er tydelege på kva me kan forventa av kvarandre, me erause med kvarandre og me rosar kvarandre både for innsats og resultat. Me har respekt for kvarandre og dei oppgåvene me har ansvar for, for oss er alle tilsette viktige, og ingen jobb er mindre verdt. Me er rollemodellar for kvarandre, både fagleg og personleg. I 2017 vart det gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette.

Leiar og verneombod har gjennomført 40 timars kurs i HMT. Vernerunde er gjennomført for heile verneområdet som er rådhuset, det vart gjort saman med verneombod, reinhaldsleiar og leiar for vedlikehald.

Leiar og avdelingsleiarar har faste samarbeidsmøte kvar månad, og Seksjon Stab har også møteplan for kvar enkelt avdeling der fokus er ansvars- og oppgåvefordeling, kunnskapsdeling, fagleg oppdatering, effektivisering, løysa utfordringar og byggja gode lag.

Seksjon stab har også hatt eit stort felles personalmøte og felles julefrokost der alle var samla.

Sjukefråveret var 3,8 % i 2017, ein reduksjon i frå 2016. Fråveret er kartlagt og avklara, oppfølging av tilsette er utført i tråd med det regelverket og dei rutineane som me har for dette i organisasjonen.

Kunnskapsdeling i fokus – ein lærande organisasjon

For at endring og utvikling av organisasjonen skal bli målretta og ikkje tilfeldig, er det nødvendig at det vert etablert eit system for utvikling, læring og evaluering. Med dette målet i sikte har tilsette i Seksjon stab fokus på kontinuerleg kunnskaps- og oppgåvedeling. Omorganisering krev avlæring og opplæring, saman med ekstra fokus på kvalitetssikring og kontroll.

2.6.2 Økonomisk resultat

Resultatet for 2017 syner eit overskot. Me har fokus på god prosjektstyring og tydelege krav og forventningar til våre leverandørar i høve kvalitet, omfang og kostnad. Det er ikkje nytta vikarar ved fråvere. Me nyttar eigne ressursar på alle fagområde, det er berre innan spesialområde, først og fremst IKT avdeling med ansvar teknologi innan omsorg og helse, oppvekst, økonomi og andre administrative system, som nødvendigvis medfører noko bruk av konsulentar utanfrå.

Endring i organisering 2016/2017

Lønsavdeling, eigedomsskatt, Tildelingskontor og hovudtillitsvalde-hovudverneombod med frikjøp vart flytta frå Seksjon stab si ramme i løpet av året. Lønsavdeling vart flytta frå 01.08.2017 og har eiga årsmelding under Seksjon løn og personal. Eigedomsskatt vart flytta frå 15.09.2017 og har årsmelding under Seksjon forvaltning. Tildelingskontor (personalansvar) vart flytta frå 15.09.2017, ligg i Sektor omsorg, helse og sosial.

2.6.3 Avdelingar i Seksjon stab 2017

Økonomi

Økonomiavdeling består i dag av rekneskap og skatteoppkrevjarkontor. Skatteoppkrevjarkontoret har ansvar for innkrevjing av skatt og kommunale krav, samt fakturering og utsending av faktura. Kontoret har ansvar for skatterekneskap, avrekning og utbetaling av skatteoppgjær, og for arbeidsgjevarkontroll i kommunen. Pr. i dag er det 1,7 stillingar som jobbar med kommunale krav og 2,8 stillingar som jobbar med skatt og arbeidsgjevarkontroll. Skatteoppkrevjaren er fagleg styrt av skatteetaten når det gjeld oppgåvene knytt til skatt og arbeidsgjevarkontroll, og blir målt på resultat av dei. I 2017 oppnådde kontoret nær alle målkrava.


Når det gjeld innkrevjing av kommunale krav har kommunen eige innkrevjingssystem til dette. I 2017 kom det krav for nesten 19 millionar over til innkrevjingssystemet. Av desse er ca. 15,8 millionar betalt, inkludert restansar frå året før. Beløp til innkrevjing pr. årsslutt er ca. 5 millionar. Av desse er 1,9 millionar uteståande på ein skuldnar. Det vert sendt mykje purringar, spesielt i månadane med forfall kommunale avgifter. Pr. i dag blir ikkje sendt elektroniske purringar. Kommunen ynskjer å få på plass dette snarast råd, då det vil spare arbeid og kostnader. Innkrevjingsresultata for kommunale krav er gode, og mengda eldre restansar blir stadig mindre. 3 av våre medarbeidarar har ansvar for føring av rekneskapen, inngåande faktura og innkjøp. I 2017 vart fagområdet delt i to, ei avdeling som har ansvar for drift og ei nyoppretta avdeling for budsjett og analysearbeid. Det er også i 2017 brukt mykje tid på opplæring av einingsleiarar og merkantile ute i einingane. Etter omorganisering av dei merkantile som skjer frå 01.01.2018 vil arbeidet med opplæring fortsetja i 2018.

I 2017 har det vore jobba mykje med å få opp tal faktura som blir sendt på EHF. Tilsette har gjort ein veldig god jobb med å få leverandørar over til å senda faktura- på EHF, noko som gjer at det er pr. i dag få faktura som kjem inn i papir, og som vert skanna inn i systemet manuelt.

Nedanfor er synt statistikk som viser kor mange faktura som kjem som EHF.

Faktura fordeling for 2017 (antall)

2017 Januar - desember



Utvikling frå 2015 til 2017

Samanlikning % pr. år.

2015, 67 % EHF faktura

2016, 75 % EHF faktura

2017, 86 % EHF faktura

Informasjon

Opplæring til: Einingsleiarane – Merkantile - Prosjektavdeling

Oppdatering av malar: Gjennomgang og rydding av malar med ny layout, oppdatert innhald.

Grafisk handbok er utarbeidd for Kvinnherad kommune. KS Svar Ut: Svar Ut er rulla ut for fagsystema i PPT, Barnevern og NAV.

Prosjekt Stord kommune: Kvinnherad kommune er deltakar i Stord kommune sitt prosjekt for å styrka og betre bruka av sak/ arkivsystem. Her deltar og Tysnes, Fitjar og Bømlo.

Post-Arkiv

6% auke i journalførte dokument. Mykje arbeid med ny organisasjonsstruktur i sak/arkivsystem. Periodisert arkivet fram til 2016 - Rydda og ajourført arkivet

Sentralbord

Oppgradering av sentralbord ut frå ny organisasjonsplan. Utfordringar med tekniske løysningar på sentralbordet.

Heimeside

Eige prosjekt for utarbeiding/ oppdatering av ny heimeside for Kvinnherad kommune. Stort arbeid der alle einingane i kommunen vert trekt inn. Gjennomgang av alle søknadskjema som ligg på heimesida. Mål om at alle dokument skal verta elektroniske.

IKT

Infrastruktur: Ingen store endringar. Utelokasjonar oppgradert bandbreidd grunna auke i internett-baserte tenester i skulen. Trådløst er utvida med fleire sendarar, mesteparten i samband med nybygg på Rosendalstunet (22 stk) for å få fullgod dekning til sjukesignal-anlegget. Dei andre sjukeheimane har også fått nokre nye sendarar

System/Program/ Digitalisering

eADM installert desember 2016 og teke i bruk for fullt i januar 2017

Kommunen har god kontroll i høve handtering av tilgangar for tilsette som byrjar/sluttar

Innføring Visma Mobilt Barnevern – sikker iPad tilgang mot fagsystem

Innføring nytt PPT system – Visma Flyt PPT, sky løysing

SvarUT innført for følgjande fagsystem:

- Visma Barnevern Familia
- Visma Velferd (NAV kommune)
- Visma Flyt PPT (SvarUT + SvarInn)

Sedlar for eigedomskatt er sendt manuelt gjennom SvarUT-portal. Totalt 13472 brev sendt gjennom KS FIKS plattform, av desse gjekk 9300 til ekstern printleverandør

Sektor Omsorg, helse og sosial har fått mange nye system som skal effektivisera og gje betre tenester:

- Elektronisk samhandling til Helse Norge med digital dialog for Husnes, Rosendal (2016) og Halsnøy helsesenter
- Elektronisk rekvirering (Interactor) for alle legekontor
- Elektronisk overføring av fråvere og fastlønstillegg frå turnusplansystem til Visma HRM (lønssystem)
- Innføring av digital vaktbok i pleie og omsorg
- Innføring av Visma Ressurs App for turnus- vaktoversikt og ledige vakter i pleie og omsorg
- Innføring av fagsystemet Physica for ergo- og fysioterapi tenesta

Sektor oppvekst system

- Innføring Office 365 skule
- Innføring ny LMS-plattform skule
- Erstatte it`s Learning med Skooler

Organisering/drift – support av IKT tenester

I 2017 er det registert i support systemet: 3552 saker

1020 av sakene er knytt direkte til spørsmål om brukar-ID/tilgangs styring

1 tilsett delteke på kurs i Windows 2016 Server 4dg

Internopplæring innan server/nettverk

Lærling bestått fagprøve IKT Servicefaget

Avtalar

Ny avtale med Microsoft – 3 år. Inkluderer full bruk av Office 365 for 250 adm-brukarar. Ny avtale med Atea – samarbeid med fleire kommunar, gjeld både konsulenttenester og varer. Varighet 2 år +1 år + 1 år

Hendingar

Virusangrep – ingen (kjente) store virusangrep i 2017.

2.7 Seksjon kultur, næring og utvikling

Seksjonen skal arbeide for å utvikle kommunen som stad å bu og besøke og legge til rette for arbeidsliv og fritid. Den skal ta ansvar for heilskap i prosessane, og sørgje for at ulike grupper blir høyrde og

representerte. Seksjonen skal ta initiativ til og definere aktivitetar, følge opp førespurnader og være ein pådrivar for å skape utvikling innan sine arbeidsfelt.

Seksjonen har i 2017 vore prega av at den er under omorganisering. Dei fleste funksjonar er no definert, men tre-fire stillingar har gjennom året vore vakante eller med mellombels tilsetning. Per 31.12.2017 talte seksjonen 16 medarbeidarar, nokre av dei i deltidstillingar:

- Seksjonsleiar (konstituert): 1 tilsett
- Samfunnsutvikling (fagområde): 3 tilsette
- Næring og landbruk (fagområde): 6 tilsette
- Kultur, idrett og friluftsliv (fagområde): 1 tilsett
- Kvinnherad kultursenter (eining): 5 tilsette

I tillegg til desse har tre veterinærar tilsetning i deltid som del av kommunen sitt arbeid for å sikre god dekking av dyrlegetenester i Kvinnherad.

2.7.1 Kulturadministrasjon

Kvinnherad kommune har ansvar for musea Bygdetunet Rød med bøkkerverkstad, Haugland skulemuseum og Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga. På Bygdetunet Rød vart det arrangert museumsdag og bøkkerveld. Begge musea var mogleg å besøkja etter avtale. Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga heldt ope i sommarsesongen. Det er løyvd midlar til revitalisering av Skaalurensamlinga og det vart i 2017 arbeida med naudsynt ekstern finansiering for å realisera prosjektet, utan å koma i mål. Arbeid med å digitalisera Kvinnherad kommune si biletsamling og gjera denne tilgjengeleg på Bibliofil held fram, men mykje arbeid står att.

Kommunale tilskot 2017	Tal tildelingar	Sum tildelingar
Driftsstønad	27	397.000,-
Driftsstønad hus	26	95.000,-
Opne ungdomstiltak	3	9.000,-
Festivalar	3	175.000,-
Samfunnshus	2	250.000,-
Tilskot Fjellhaugen	1	40.000,-
Byggetilskot	7	1.000.000,-
Andre tilskot	5	70.000,-
Fjelberg prestegard	1	40.000,-
Baroniet Rosendal	1	600.000,-
Sunnhordland Museum	1	75.000,-

Kvinnherad kulturstipend vart tildelt klesdesignaren Aleksander Sahr i samarbeid med lokalt næringsliv og Kvinnherad kulturpris vart tildelt Leiv Guddal. Det vart gjennomført seks hendingar i kommunal regi i den kulturelle skulesekken med 930 deltakande elevar. I tillegg kjem tilbod som kommunen abonnerer på via Hordland fylkeskommune. Det vart gjennomført 15 hendingar i kommunal regi i den kulturelle spaserstokken fordelt på arrangement på institusjonar og møtestader for eldre. Til saman 14 søknader om spelemidlar vart sendt inn til Hordaland fylkeskommune med ein samla søkjarsum på kr. 9.965.000,-. Kvinnherad fekk ei samla tildeling på kr. 3.847.000,- fordelt på seks anlegg.

2.7.2 Kvinnherad kultursenter

Kultursenteret står for drift og arrangement i Kulturhuset Husnes og Husnes kino og koordinerer også nokre arrangement i bygningane som høyrer til biblioteket og kulturskulen. Organisering av drifta i Husnes idrettshall vert også styrt av kultursenteret, men denne oppg...

det vel 36.000 framsmøtte på 589 arrangement. Kinoen hadde nedgang i besøket på 9,3 %, hovudgrunnen til dette er færre storfilmarr enn året før. Fokus har vore på marknadsføring for å få fleire til å kjøpe billetter. Ny informasjonsskjerm er montert i gangen mellom bank, bibliotek og kulturhus, og det er tanga billettautomat som vil vere tilgjengeleg for bruk frå 08.00 til 22.00 kvar dag. Ein har fortsatt med å oppgradera/skifte utstyr i kinosal og på kjøkkenet. Lydutstyr i kino-/kultursal bør skiftast ut snart. I Husneshallen er det Trio Volleyball, Kvinnherad Handballklubb, Kvinnherad badmintonklubb og Sørall bedriftsidrettslag som har treningstid. Kapasiteten er sprengd og mange lag som ønskjer å få halltid har ein ikkje funne plass til.

Type arrangement	Tal selde billetter	Tal framsmøtte	Tal arrangement
Kino	12558	13683	235
Musikk	1448	2224	12
Scenekunst	2273	2445	10
Litteratur/foredrag	225	1081	9
Kurs/konferansar		1375	29
Prøver/øvingar		6650	145
Anna		9125	149
Totalt besøk	16504	36583	589

2.7.3 Næringsutvikling

Frå næringsfondet har det vore 12 tildelingar på til saman kr. 240.000,-. Tilflyttarsamling i kommunen vart arrangert i lag med Kvinnherad Næringssservice og Aktiv Fritid; i samband med dette har det også vore laga velkomstpakkarr til tilflyttarr. Det var støtta opp om distriktsbutikkarr via Merkurprogrammet. Medlemskapen i Kvinnherad Næringssservice vart oppretthalden og det vart betalt tilskot til drift av Kvinnherad Studiesenter.

2.7.4 Landbruk og utmark

Kommunen opplever for tida stor pågang frå unge som vil overta gard. Entusiasme og satsing pregar landbruket i kommunen. Tek ein utgangspunkt i byggjeprosmjekt som er starta opp, men endå ikkje skrivte ferdigmelding på er det for tida 7 robotfjøs, eit stort ammekufjøs, eit stort sauehus og to utleigehytter pluss kafé på Guddalstunet under bygging i Kvinnherad.

Det er stor interesse for dyrking i Kvinnherad. Det vart godkjent 11 prosjekt med til saman 230 da. nytt land i 2017. Store utbyggingsprosmjekt i kommunen gjer og at det finst mykje overskotsmassarr som kan brukast til å byggja ut nytt land. Det vert arbeidd mykje med drenering og kommunen har også fått mykje SMIL-midlar (særskilte miljømidlar i landbruket) til store og gode prosjekt.

Saman med Norsk Landbruksrådgiving – Vest og med støtte frå Fylkesmannen i Hordaland har Kvinnherad kommune starta opp eit stort prosjekt innan klimasmart landbruk. Så langt er opp mot 30 bønder med på dette. Det er også i gang eit stort utviklingsprosmjekt innan sauehaldet. Saman med Fatland slakterier, NMBU, Baroniet Rosendal og fleire andre verksemder er det starta opp eit prosjekt der ein skal vurdera nye driftsformer innan sauehaldet. Regionalt forskningsråd Vestlandet har gjeve 3 millionar kroner i støtte til prosjektet. Kvinnherad kommune har ei eiga Facebookside for landbruk. Denne brukar kommunen aktivt til informasjons- og motivasjonsarbeid. Det er behandla 230 søknader om produksjonstillegg, spesielle miljømidlar i jord- og skogbruket til beiterydding, verneverdige bygningar mm, skogtiltak og grøfting. Saman med tilskot frå Innovasjon Norge til bruksutbygging og tilleggsmæringer har brukarrar i Kvinnherad motteke meir enn 63 millionar kr. Kommunen har arrangert fleire landbruksfagmøter i lag med Landbruksrådgivinga . Det vert sett fokus på vern av dyrka jord via handsaming av omdisponering og delingssaker og kommuneplaner. Det er godkjend 229 dekar til nydyrking. Seksjonen har vore aktiv i prosjekt Landskap i drift og i Liv-og-lystprosmjekt Sunde som kyst- og litteratursenter og forskingsprosmjekt. Inn på tunet-satsinga har halde fram og dette vert også følgt

Møreforsk. Det vart i 2017 felt 1057 hjort av ei samla kvote på 1319 fellingsløyver. 25 rådyr vart felt. Kommunen betalar skotpremie etter eigne satsar for felling av skadegjerande vilt, dvs. artane raudrev (52 stk.), mink (13 stk.), mår (5 stk.) og kråke (164 stk.). Til saman 51 påkøyrslar av hjortevilt vart registrert; dette ført til 19 drepne hjortar og 13 rådyr.

	2017	2016	2015	2014	2013
Saker etter lov om motorferdsle utmark	14	10	22	14	6
Saker etter jordlova	22	17	11	12	12
Saker etter konsesjonslova	11	15	12	14	9
Løyve til nydyrking (da/saker)	11/229	7/42	108/9		

2.7.5 Turisme og vertskap

Kvinnherad turistinformasjon har i 2017 hatt ein heilårstilsett i 40% stilling og turistvertar frå mai til september. Nyopna kontor i Folgefonnsenteret gjer turistinformasjonen mykje betre opningstider, og kontoret har hatt ope kvar dag frå 2. mai til 15. september og deretter i vekedagane fram til 15. desember. Det var eit besøk innom dørene i turistinformasjonen på 28.000 frå mai til desember. Aktivitetar i turistkontoret er å informere om tilbod til besøkjande i Kvinnherad, hjelpe bedriftene med informasjon og brosjyrar, ta imot presseturar, turoperatørbesøk og assistere ved cruiseanløp og yachtar som besøkjer Rosendal. Turistkontoret har også teke initiativ til arbeidskveld med sosiale media og vertskapskurs. Turistkontoret deltek også på samlingar for turistkontora i Sunnhordland og Hardanger, og er kontaktpunkt for koordinering av diverse marknadsførings- og produktutviklingstiltak som vert gjennomførte av desse. Ei viktig sak i 2017 var førebuing av innmeldinga i Reisemål Hardangerfjord.

2.7.6 Kommuneplanlegging

I 2017 gjekk mykje av arbeidstida til planleggjarane med til arealdelen til kommuneplanen som var til høyring seinhausten 2016. Fylkesmannen sine motsegner knytt til fastlegging av byggjegrænse mot sjø, bruken av spreidd utbygging i landbruks-, natur- og friluftsområde og spørsmål kring konsekvensutgreiing av akvakultur er berre nokre tema som har gjort at arbeidet med ny arealdel har vore ressurskrevjande i 2017. Det har vore gjennomført fleire dialogmøte med Fylkesmannen i denne prosessen. I følge planstrategien skulle arbeid med områdereguleringsplan for Sunde og Sæbøvik vore starta opp i 2017, men det har ikkje vore ledige ressursar til desse to planarbeida. I tillegg til arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen, har det vore arbeid med ulike planarbeid knytt til Kvinnheradpakken, kommunedelplan for Husnesområdet (oppstart, utarbeiding av planprogram), kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad (deltaking i prosess) og kommunedelplan for kulturminne (prosess). Planleggjarane har òg delteke i ulike forskingsrelaterte prosjekt som skal styrke planlegginga i kommunane som td. «Hordaklim» og «Acidcoast». Det har òg vorte jobba i ulike prosjekt som er knytt til planfaget innanfor tema som naturfare, geodata og landbruk mv.

2.7.7 Reguleringsplanlegging

Gjennom omorganiseringa har seksjonen fått hovudansvar for utarbeiding av reguleringsplanar der kommunen er sjølv er forslagstillar. I 2017 har det vore arbeid med desse planane:

- Reguleringsplan for gang og sykkelbru Hellandskryss (førebuande arbeid)
- Reguleringsplan for omlegging av Fv48 Løfallstrand (tekniske planar)
- Reguleringsplan for Fjelbergsambandet (tekniske planar, utarbeiding av planforslag, høyring)
- Reguleringsplan for nytt Skarvatunkryss (utarbeiding av planforslag)
- Reguleringsplan for skule/idrettsområde Husnes (tekniske planar)
- Reguleringsplan for gang-/sykkelveg Herøysund (veggeomtri, tekniske planar, medverknad)
- Reguleringsplan for omlegging av Fv107 Austrepollen – Nordrepollen (deltaking i prosess)

2.7.8 Naturvern og klima

Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekomst, som igjen vil føra til meir overvatn. Dette gir auka fare for jord-, flaum- og sørpeskred. Stormflonivåa er venta å auka som følge av havnivåstiging og villare vår. Gjennom 2017 har medarbeidarar i seksjonen følgt statlege og fylkeskommunale samlingar om temaet. Kommunen har sidan 2015 delteke i Hordaklim, eit vitskapsbasert program for å skreddarsy klimadata til kommunane. Hordaklim har gitt lærerike erfaringar, men går no mot avslutting utan at vi kan seie å fått nye, gode verkty. På vegner av kommunen deltek seksjonen i eit nytt innovasjonsprosjekt, foreløpig kalla XKLIM, der det vert etablert eit klimanettverk i Hordaland. Målsettingane er å samhandla med fleire aktørar, forankre fylkesvise klimaprofilar lokalt og gje konkrete døme på bruk av ulike verktøy i ulike delar av kommunal planlegging. Føremålet med kommunen si deltaking i desse programma er å styrkje eigen kompetanse og førebu klima som tema ved framtidig rullering av kommuneplan og klima-/energiplan. Kommunen merkar skjerpa krav frå overordna myndigheiter når det gjeld kartlegging og dokumentasjon av naturfare som ras og flaum. Som følge av dette har mellom anna ny arealdel til kommuneplanen innført byggegrenser langs alle vassdrag av nokon storleik. Også i 2017 har kommunen vore deltakar i samarbeidet om kommunegeolog i regionen.

2.7.9 Folkehelse

Folkehelsearbeidet er tverrsektorielt i sin natur og tilpassa dei rådande utfordringane som mellom anna er unge uføre, psykiske lidingar og livsstilsjukdomar. Dette arbeidet og folkehelsekoordinatorfunksjonen vart i 2017 lagt til seksjonen, for å få ei sterkare kopling mellom folkehelse, planarbeid og samfunnsutvikling. Kvinnherad har teke ei aktiv rolle i dette arbeidet og vore med i fleire samarbeid på nasjonalt og regionalt nivå, mellom anna i utarbeidinga av eit idéhefte for folkehelseplanlegging, etableringa av eit nytt regionalt folkehelsenettverk og i det nye nasjonale folkehelseprogrammet. Dei konkrete tiltaka skjer i ulike kommunale einingar og i samarbeid med frivillig sektor. Nokre av dei folkehelsefremjande tiltaka til kommunen er ein eigen ungdomslos, satsing mot barnefattigdom, prosjektet «Trafikksikker kommune», samhandlingsmodellen «Betre tverrfaglig innsats» og etableringa av ein ressurskontakt for å halda på barn og unge i lag og organisasjonar og hindra utanforskap.

2.8 Forvaltning

I 2017 vart Seksjon forvaltning oppretta og skulle innehalde oppgåver knytt til handsaming av reguleringsplanar, miljøretta helsevern, eigedomsskatt, byggesak og tilsyn, kart og oppmåling, med meir. Ein hadde konstituert seksjonsleiar frå 01.05.2017 for både Seksjon forvaltning, og Kultur, næring og utvikling.

På byggesak opplevde ein stor saksmengde av byggesaker, særleg knytt til dispensasjonssaker. Ein opplevde og auka fokus på juridiske avklaringar i byggesaker, både i møte med publikum og i dialog med fylkesmannen. Ein søkte difor våren 2017 etter ny byggesakshandsamar med juridisk bakgrunn. Ny byggesakshandsamar vart tilsett i juni, men denne personen vart i slutten av november tilsett som seksjonsleiar for forvaltning. Ein starta difor prosessen med å lyse ut etter ny sakshandsamar på slutten av året.

Seksjonen har i hovudsak ansvar for fagområda byggesak, kart og oppmåling, reguleringsplanar, miljøretta helsevern og eigedomsskatt. Overordna vart det i omorganiseringa lagt til grunn at seksjonen skal sikra god forvaltning, forsvarleg sakshandsaming og god forvaltningsskikk. Seksjonen skal då og ha rådgjevsrett og plikt ut i organisasjonen. Vidare er det sagt at forvaltningsområde som involverer fleire partar skal innom avdelinga for kvalitetssikring. Det er eit ønske at seksjonen inneheld personar med juridisk kompetanse. I seksjonen skal det også sikrast at malar er i samsvar med lov, reglar og forskrifter.

Ein ser at 2017 ikkje er det året ein kan oppfylle alle desse oppgåvene, men at ein på sikt må bygge opp seksjonen til eit vidare bruksområde, med å spe på med kompetanse som vil vere naudsynt.

Omorganiseringa frå Samfunnsutvikling til Seksjon forvaltning gjer at 2017 blir eit konsoliderings år, men det tette arbeidet med Seksjon Kultur, næring og utvikling held fram som før.

Per 31.12.2017 talte seksjonen 10 medarbeidarar:

- Seksjonsleiar: 1 tilsett
- Byggesak (fagområde): 2 tilsette
- Oppmåling (fagområde): 4 tilsette
- Reguleringsplanar (fagområde): 1 tilsett
- Miljøretta helsevern (fagområde): 1 tilsett
- Eigedomsskatt (fagområde): 1 tilsett

2.8.1 Byggesak

Største arbeidsoppgåver for byggesak er å handsama delingssøknader og søknader om tiltak. Det er brukt mykje resursar på dispensasjonshandsaming av alle tiltak i 100-meters sona samt spredt bygging i LNF-områder (landbruk, natur og friluftsområder). Det vert elles gitt god rettleiing til søkjarar i telefon, i møter eller pr. post/e-post.

Byggjeaktiviteten i Kvinnherad har vore på det gjevne. Byggjeoversikten viser at det er bygd ferdig 61 husvære i 2017 som er same tal som året før. Av dei 61 husværa er 16 einebustader, resten er to-mannsbustader og større fleirmannsbustader.

I Rosendal er 12 av husværa bufelleskap i Kyrkjevegen 50. Husnes-Sunde har 5 kommunale småhusvære medrekna i denne statistikken.

I gjennomsnitt er sakshandsamingstida om lag 17 dagar for dei forskjellige sakane, 45 dagar der ein handsamar dispensasjon som del av søknaden. Om lag 40 % av sakene ein får inn har og dispensasjonssøknad, anten frå plan eller frå pbl. § 1-8 og strandsonevernet. Totalt sett er om lag 13 % av sakene handsama ut over lovpålagt handsamingstid. Dette gir eit bilete av at ressursane er pressa på kapasitet, noko ein vonar nyttilsett saksandsamar i første kvartal av 2018 vil hjelpa på.

Ein har ikkje hatt kapasitet til å føre tilsyn med nye tiltak eller eventuelle ulovlege tiltak ut over saker der det er mogleg fare for liv og helse. Dette er noko ein ynskjer å endre på framover.

2.8.2 Oppmåling

Gjennomførte arbeidsoppgåver:

- Arealoverføring: 15 saker
- Deling av grunneigedom: 75 saker
- Grensejustering: 18 saker
- Grensepåvising/grensegang: 28 saker
- Retting av matrikkelkart: 4 saker
- Seksjonering/reseksjonering: 12 saker
- Utstikking (konsulentoppdrag): 30 saker
- Saker for jordskifteretten: 5 saker
- Eigenfråsegn om konsesjonsfridom: 178 saker

Alle saker er handsama innanfor frist.

Det har gått med ei god del tid til rådgjeving for private og bedrifter, utan at det vert ført statistikk for det. Lik eins brukar andre kontor i kommunen oss som rådgjevarar i eigedomsfaglege spørsmål. Dette er saker som ikkje vert kravd gebyr for. Lik eins utfører oppmålingskontoret kartdelen av arealressurskartet for landbrukskontoret. I 2017 medførte dette god del arbeid, då kartet hadde mange manglar.

Det har og vore brukt personell frå oppmålingskontoret til opplæring av andre kommunalt tilsette i bruk av kartprogram og liknande oppgåver. Lik eins er det brukt ein del tid til ajourføring av digitale kart og planlegging av nykartlegging m.m.

Nye adresser vert tildelt i samband med byggemelding. Det vart ikkje gjeve nye vegnamn i 2017.

I 2017 har det vore ein nedgang i rekvirerte oppmålingsforretningar på 17 saker i høve til 2016. Det er og ein nedgang på utstikking av bygg i høve til året før. Dette kjem truleg av at fleire entreprenørar har kjøpt utstyr som gjer at dei kan stikka bygga sjølve.

2.8.3 Reguleringsplanar

Reguleringsplanar blir behandla som demokratiske prosesser, der både private partar som er naboar, grunneigar, interessegrupper, lokale bedrifter etc. og offentlege mynder, nabokommunar, kommunen sine fagorgan m.m. har høve til å uttale seg og påverke planen.

- Oppstartsmøte (PBL §): det har vert 4 oppstartsmøter
- Politisk oppstart (PBL §12-8): Det vart handsama 8 planar politisk
- Utlegging (PBL §12-11): 12 planar vart politisk vedtatt om å leggast ut til off. ettersyn
- Godkjenning (PBL §12-12): 8 planar vart politisk vedtatt.
- Reguleringsplanendringar (PBL §12-14); ofte som «mindre endring» (endring av planar med enklare prosesser): 13 planar vart behandlar etter § 12-14 men 1 venter fortsatt.
- Påklaga plan (PBL §12-12): 2 planar vart påklaga
- Mekling (PBL §5-6): Det vart gjennomført 1 mekling
- Planprogram (PBL §12-9): 1 planprogram vart lagt ut til offentlig ettersyn men ingen planprogram vart fastsatt i 2017.

Av dei 8 planar som vart godkjent er det:

- 2 planar som opnar for ny bustadbygging
 - Sunde
 - Løfallstrand
- 3 planar som beskriver/utvider/endrar infrastruktur
 - gravplassutviding på Husnes
 - ny bru forbi Furubergsfoss i Mauranger
 - småbåtanleggutviding på Sæbøvik
- 1 plan til eit næringsområdet for akvakultur med veldig stor kapasitet og sterkt framtidsetta
 - settefiskeanlegg/inkubator på Ænes). Planen er påklaga og liggjar på klagebehandling hos Fylkesmannen.
- 2 planar som var full omregulering av eksisterande hyttefelt til hytteføremål
 - begge i Ølve

Merknader og motsegn

- Det har kommen fleire merknader frå fagmynde i utleggingsfasen. I dei fleste tilfelle har ein rask dialog med fagmynde med brev/telefon ført til eit tilfredstillande resultat.
- 1 plan har vore til mekling med positiv utgang
 - Sæbø på Borgundøy - langvarig prosess på over eitt år
- 5 planforslag har vore på dialogmøte hos fylkesmannen - bare for eitt 1 planforslag blir motsegn ikkje trekt (industriområde Sunde).

Talet på reguleringsplaner har auka noko i 2017, men dette er noko som varierer frå år til år.

Arbeidsmengde har auka kraftig, då det er fleire fagvurderingar som må gjerast og temakart som skal utarbeidast. Loven har blitt meir komplisert særleg med sikte på særlover.

Talet på endring av reguleringsplan jf. PBL § 12-14 har auka kraftig. Denne type endring av plan er ein ryddig og kundevenleg sakshandsamings-måte som forlenger prosessen med utlegging og påreknleg og realistisk måte.

2.8.4 Miljøretta helsevern

Stillinga si fremste oppgåve er å medverke til å nå målsetjinga om å fremje god folkehelse for innbyggjarane i kommunen. Miljøretta helsevern har fokus på fysiske, kjemiske, biologiske og sosiale miljøfaktorar som kan påverke folkehelsa. Aktuelle lover og forskrifter er folkehelselova og forskrift om miljøretta helsevern, forureiningslova og forureiningsforskrifta. 60 stillingsprosent er retta mot arbeidsoppgåver som omhandlar miljøretta helsevern og 40 prosent til saker som omhandlar forureining.

I 2017 utførte miljøretta helsevern 6 tilsyn i barnehagar. Tilsyn av ein skule vart utført i februar 2017. Skulen vart tilfeldig valt ut i samband med nasjonal tilsynskampanje kommunen var med på.

Saker vert lukka der dokumentasjon om retting av avvik er utført innan frist. Fleire av sakene har frist ut i 2018.

Tilsynskampanje av solarium vart utført hausten 2017. Kommunale bygg vart oppmoda til å fjerne solarium frå bygga. Ei verksemd vart nedlagt og ei verksemd fekk pålegg om utbetring.

Miljøretta helsevern skal medverka til at universell utforming og tilgjenge vert iverteke i planarbeid og i byggesaker. Ein gir uttale til private byggeprosjekt, til dømes fleirleileghetsbygg. Ein tiltaksplan er under arbeid der målet er universell utforming av offentlige bygg og uteområde innan 2025.

Kompetanse for å utsteda hygiesertifikat på skip er på gang. Med kompetansen kan vi få i oppdrag om å utføre inspeksjon av skip som treng fornying av hygiesertifikat. Dette er eit internasjonalt folkehelsearbeid der smittevern har fokus. For opplæring er det avtalt å vera med helseetaten i Bergen ved deira neste inspeksjon.

Knytt til byggesaker er og søknader om utsleppsløyver som vert handsama etter forureiningslova og forureiningsforskrifta. Det vart gjeve 30 utsleppsløyver i 2017. 5 av desse løyva har plikt til årleg rapportering til miljødirektoratet fordi dei er over ein viss storleik (50 pe). Kommunen registrerer dette inn til miljødirektoratet.

Det vart oppretta 11 skriftlege klagar om forureining. Dette utløyser ofte synfaring og vedtak om pålegg om undersøking eller opprydding av forureininga. Munnlege klager vert oppmoda til å senda skriftleg klage, men i fleire tilfelle vert sakene løyst over telefon med forureinar.

Miljøretta helsevern har ansvar for å rapportere feil eller tilleggsopplysningar som har med vassforvaltninga i kommunen. Dette vert lagt inn i Miljødirektoratet sin database Vannmiljø. Kommunen har ansvar å følgje opp tiltaksprogrammet innan landbruk- og avløpssektoren der dei er sektormynde.

Miljøretta helsevern hadde vår 2017 ansvar for å organisere nasjonal strandryddeaksjon i kommunen.

2.8.5 Eigedomsskatt

Forvaltning har ansvaret for utskriving og sakshandsaming av eigedomsskatt i samsvar med vedtak i kommunestyret, og har i 2017 skriva ut eigedomsskatt for både næring og private eigedomar i kommunen. Ajourføring og taksering skjer dette året kontinuerleg i høve nybygg og endringar i bygningsmasse, slik er eigedomsskatteregisteret til ei kvar tid oppdatert. Det blei utskriva eigedomsskatt for 73,4 mill. i Kvinnherad kommune i 2017.

Melding om skatt og takst vart utsendt 15. februar. På same dato blei skattelistingene for offentlig ettersyn utlagd. Eigedomsskattekontoret mottok ca. 20 klager og 12 søknader om fritak for eigedomsskatt. Av desse blei 9 saker behandla av eigedomsskattekontoret som openbare feil. Sakkunnig nemnd ga delvis eller fullt medhald til klagar/ fritakssøknad i 16 saker. 5 klager vart over sendt til sakkunnig ankenemnd for endelig vedtak. 2 saker blei over sendt til formannskapet for endelig vedtak. 2 saker blei over sendt til sakkunnig ankenemnd for endelig vedtak.

sakkunnig nemnd i alle 5 saker. Dei to fritakssøknadane som blei framlagt for formannskapet fekk ikkje medhald. Det har vore jobba mykje med arbeidsrutinane rundt innkrevjing av eigedomsskatt også dette året, og me forventar mindre klager og feil.



Samarbeidet mellom eigedomsskattekontoret og sakkunnig nemnd/sakkunnig ankenemnd har fungert på ein god og konstruktiv måte.

2.9 Løn og personal


Det er tilsett 6 personar og 5,3 årsverk på denne seksjonen. Oppgåvene er primært knytt til interne tilhøve. Rettleiing og rådgjeving internt i organisasjonen samt utviklingsarbeid innan fagfelte er saman med rekruttering viktige oppgåver for seksjonen. I tillegg til løn og andre utbetalingar internt i organisasjonen har avdelinga og ansvar for lønsarbeid for Kvinnherad kyrkjeleg fellesråd. Lærlingane kommunen har ansvar for er knytt til denne avdelinga.

3. Rekneskap 2017

3.1 Inntekter




Ordinære flyktningar og mindreårige flyktningar. Kommunen har dei siste åra motteke fleire flyktningar og samstundes auke i integreringstilskot. Allereie på slutten av 2017 ser ein at talet på mindreårige flyktningar vert redusert.




3.2 Utgifter

3.2.1 Løn og sosiale utgifter



Driftstilskot til private barnehagar syner eit overforbruk på kr.4,3 mill. Dette skuldast endringar i talet på barn/ aldersamansetting i private barnehagar. Samstundes driv kommunen små og kostnadskrevjande barnehagar som danner grunnlaget til overføring til dei private.

3.2.2 Tilskot private barnehagar



3.2.3 Kostnader med vikarbyrå innan plo


	Regnskap 2015	Regnskap 2016	Regnskap 2017
TOTALT SEKTOR OMSORG HELSE OG SOSIAL	10 242 525	10 038 007	5 127 471
Halsnøytunet	1 967 196	3 322 790	1 024 028
Husnestunet	1 053 191	266 515	872 897
Rosendaltunet	4 411 475	4 959 695	1 859 548
Heimetenester Sør	268 933	102 522	8 224
Heimetenester Nord	2 541 731	1 378 304	367 010
Bu- og Habilitering Nord	0	0	977 074
Rus og psykisk helsetenester	0	8 181	8 735

3.3 Særlege tema til analyse

3.3.1 Skatt/inntektsutjamning

Kommunane motteke skatteinntekter frå dei som bur i kommunen. Staten føretek ei utjamning slik at dei som har låg skatteinngang / låg vekst får ei inntektsutjamning. For Kvinnherad kommune har dette, særleg i 2017, gitt ein god samla skatteinngang. Faktisk har vi motteke ca.kr.10 mill. meir enn budsjettert, og det skuldast ikkje vår vekst , men god skatteinngang i andre kommunar.

Skatteinngangen for Kvinnherad kommune er no på over kr.370 mill.



3.3.2 Eigedomsskatt

Eigedomsskatten for 2017 vart som budsjettert, kr. 73,4 mill. Samanlikna med 2016 er det ein nedgong på kr. 6,6 mill. som skuldast at regjeringa ikkje sett ned kapitaliseringsrenta sjølv om Stortinget bad regjeringa sjå på dette ved budsjetthandsaminga 5.desember 2016. («Stortinget ber regjeringen vurdere kapitaliseringsrenten i eiendomsskatten på kraftanlegg»)

Budsjettert for 2018 er kr. 68 mill.

Det er fortsatt verdt å merka seg at andre kommunar nyttar denne inntektskjelda (eigedomsskatt frå hus/hytter) meir aktivt og endrar satsen kvart år, og såleis kan skriva ut 4,8 promille eit år, 3,1 promille neste år og så 5 promille. Kommunen har etterkvart blitt avhengig av denne inntektskjelda. Signala frå regjeringa er no at eigedomsskatten skal reduserast ytterlegare ved at ein frå 2019 tek vekk den såkalla «maskinskatten».


Her skal det verte gitt ein kompensasjon for bortfalle. Denne kompensasjonen skal trappast ned over ein 7-års periode for så å falle heilt bort. Kommunen vil tape fleire millionar òg på denne endringa.

Eigedomsstakstane gjeld for ei 10-års periode. Det inneber at kommunen vil omtaksere alle skatteobjekt i 2019- gjeldande frå 2020.


3.3.3 Kraftfond

I budsjettet hadde kommunen budsjettert med kr. 20 mill. i utbytte frå kraftfondet. Auken frå 2016 til 2017 vart på heile kr. 65 mill., altså kr. 45 mill. over budsjett. Fondet var pr. 31.12.2017 på kr. 715 mill. og er plassert (diversifisert) i mange typar. Aktivaklassar/fond. Den samansetjinga ein har kome fram til i løpet av dei seinaste åra har vist seg å være god. Investeringsutvalet har jevnlege møte, og har dei siste åra plassert meir i eigedom/ rentepapir enn i aksjar. Dette for å ta ned risikoen.

Plassering av kraftfondet 2016-2017



Utvikling Kraftfondet 1997-2017




Fondets utvikling gjennom 20 år

3.3.4 Konesjonsstrøm.

Kvinnherad kommune har rett til å kjøpe inntil 10 % av den produserte krafta til ein pris som departementet fastsett. Kommunen mottok difor 160 gwh frå Statkraft / SKL til ein pris på kring 11 øre pr. kwh.

2015	10,60	øre/kWh
2016	11,42	øre/kWh
2017	11,48	øre/kWh


Kommunen si inntekt frå dette salet har endra seg mykje dei siste åra, og har gått ned frå kr. 35,6 mill. i 2012. Grunna mellom anna mykje lågare straumpris i 2016 fekk kommunen berre kr. 13 mill. i året som gjekk. Sidan 2011 har kommunen selt denne krafta på korte avtalar. Ishavskraft hadde jobben fram til 2015. Etter dette har Kvinnherad Energi saman med Markedskraft hatt hand om kommunen sin konsesjonstraum. Jobben dei gjer er å optimera salet ved å selja på «rette tidspunkt» i høve til den prisen ein kan rekna med å få i «spot-marknaden» dei næraste månadene. Det er ikkje lett å treffa, og det må fastslåast at i 2016 var kommunen ikkje heldig med den finansielle delen av jobben som var sett bort, og «tapte» rundt 4,5 mill. i høve til om ein hadde selt konsesjonsstraumen frå dag til dag i spotmarknaden. Tapet skjedde for ein stor del på slutten av året, ved at ein ikkje klarte å sjå kva for retning straumprisen ville utvikla seg i. I 2017 har forvaltninga gått mykje betre og ein har fått ei netto-inntekt på konsesjonsstraumen på kr. 20,7 mill.



I perioden 2001-2011 selde kommunen denne krafta på ein 10-års avtale. I ettertid, med stigande straumprisar, synte det seg å vera uheldig. På den andre sida skulle kommunen ha selt på ein ny 10 års-avtale i 2011. Den avtalen kommunen har med Markedskraft / Kvinnherad Energi gikk ut ved nyttår 2017, og vart forlenga med eit år som det var rom for.


3.3.5 Lånegjeld

Dei fleste ekspertar reknar no med art renta vil auke dei næraste åra. At ein da har store lån er ikkje så lurt, men kommunen har låst ein monaleg del av låna på fastrente med 3-5 års løpetid. Men ein auke i rentenivå vil likevel gi ein auka rentekostnad på kr.7, 5 mill.



Denne syner kommune si lånegjeld slik den har utvikla seg i perioden 2008-2017. Med kommunen sin del syner ein den delen som kommunen sjølv må betale utan sjølvkost/ kompensasjon.


Utviklinga dei siste åra er ikkje god, då den samla gjelda har endra seg frå kr.1.145 mill. i 2014 til kr.1.526 i 2017:



I perioden 2008 - 2017 har den kommunale lånegjelda økt med kr 747,0 mill (107%). Den totale lånegjelda til kommunen er ved utgangen av 2017 kr 1,5 milliard minus den delen av gjelda som vert dekkja av sjølvkost (VA) og rentekompensasjon vert kommunen si lånegjeld kr 1,0 milliard ein auke på kr 525,2 mill. dei ti siste åra.


Kva har kommunen fått igjen for auken i lånegjeld?

	I mill kr
Halsnøy skule	66,10
Rosendal Ungdomsskule	57,40
VA	234,80
Rosendaltunet	175,70
Kulturhuset Husnes	52,00
Opsangervegen	35,40
Aksen	32,70
TOTALT	654,10



3.3.6 Pensjon

Ordninga med føring av premieavvik blei innført i 2002. Hensikta var å fordele premietopper pensjon over fleire år. Om dei betalte premiane er høgare enn dei berekna kostnadene oppstår eit positivt premieavvik. Dette avviket skal setjast av på ein konto i balansen for akkumulert premieavvik. Premieavviket kostnadsføres i rekneskapen dei kommande år. Til og med år 2010 over 15 år. Frå 2011 til 2013 10 år. Frå 2014 og vidare skal årets premieavvik amortiserast over 7 år. Premieveksten har dei siste åra vore betydeleg. Årsaken er lågt rentenivå, høg lønsvekst og økt levealder. Premiane har dermed lege på eit høgare nivå enn berekna pensjonskostnader og vi har samla opp eit premieavvik.



I 2017 vart kr 8.142.618 kostnadsført (amortisert) . Dette er premieavvik vi har inntektsført tidligare år. I inntektsåret 2017 inntektsførte vi kr 10.145.151 som vi må kostnadsføre dei neste 7 åra. Samla sett har vi kr 52.658.627 i premieavvik som vi må kostnadsføre dei neste 7 åra.


Det står kr 26,4 mill. på disposisjonsfond som er merka premieavvik. Kan nyttas til å dekke inn amortisert premieavvik. I 2017 gikk Ansvar Pensjon med eit overskot på kr 30,4 mill.

Dette skuldast:

- Lavere årslønsvekst enn opprinnelig budsjettert som reduserer reguleringspremien.
- Endring G-regulering
- Bruk av premiefond påvirker premieavvik.
- Avkastning pensjonsmidler.
- Verksemdene vert belasta pensjon etter ein budsjettert prosentsats.
- Om faktisk prosentsats pensjon er lågare enn budsjettert vil ikkje dette påvirke forholdet budsjett rekneskap for den enkelte verksemd.

3.3.7 Årsverk og tilsette


	Pr.	Pr.	Pr.	
	31.12.14	31.12.15	31.12.16	31.12.17
	Tal årsverk	Tal årsverk	Tal årsverk	Tal årsverk
	2014	2015	2016	2017
Sektor Oppvekst	431,9	448,6	449,9	462,1
Enslige mindreårige flyktninger			18,0	18,6
Sektor Omsorg	259,9	309,2	318,3	312,1
Ressurskrevende brukarar	88,3	89,3	103,6	103,2
Sektor Teknikk og Miljø	75,5	81,5	85,8	89,4
Andre	54,2	58,8	59,0	55,2
Tilsaman	909,9	987,4	1034,7	1040,6



Grafen syner at talet på årsverk ikkje har auka like mykje frå 2016 til 2017 som tidlegare år. Ein ser også at årsverk knytta til både ressurskrevjande brukarar og mindreårige flyktningar har auka dei siste åra. Kommunen mottok tilskot frå staten for ein del av kostnadane med desse brukarane.

For ressurskrevjane brukarar mottok kommunen tilskot som skal dekkja 80 % av kostnadane som er over ein egenandel på kr.1.235.000/kr.1.890.000 for kvar brukar a

rus/psykiatri/pleie eller PU. Nedafor er ein graf som syner at kommunen mottok kring 1/3 av sine kostnader i refusjon for ressurskrevjande brukarar.



Talet på brukarar vi mottok tilskot for har endra seg slik dei siste åra:

År	2014	2015	2016	2017
Brukere	29	28	31	30

Når det gjeld kommunen sitt arbeid med mindreårige flyktingar vart det sett i gang i slutten av 2016. Etter kvart tok kommunen imot 15 brukarar. På slutten av 2017 vart tilbodet redusert. Kommunen har hatt kostnader/ mottatt tilskot for dette arbeidet slik:

	2016	2017
Kostnader	6 136 023	22 900 720
Refusjoner	2 670 000	22 636 672
Netto kostnad	- 3 466 023	- 264 048

3.3.8 Kjønnsfordeling

Kjønnsfordeling/alderssamansetjing														
Alderstrinn	<20		20-29		30-39		40-49		50-59		60-69		>70	
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K
Mann/Kvinne														
Sektor Oppvekst			2	29	25	83	23	145	15	129	17	73	1	1
Sektor Omsorg	2	5	8	123	24	132	16	143	17	176	7	106	1	2
Teknikk og miljø			7	2	24	11	38	20	38	27	23	17		1
Stab					1	2	4	14	2	11	3	5		
Løn og personal					1		2	1		2				
Kultur, næring og utvikling					2	2	3	3	3	4	4	3		
Forvaltning						3	1	1	1	1	4			
Totalt	2	5	17	154	77	233	87	327	76	350	58	204	2	4

Totalt	1596
Menn	319
Kvinner	1 277
Kvinne andel	80,01

3.3.9 Sjukefråver

I 2017 hadde Kvinnherad kommune ein oppgang i høve til sjukefråværet i 2016. Sjukefråværet for 2017 var på 8,0 prosent. Som ein kan sjå under er det ein positiv trend dei siste åra, men 2016 viser eit særskild bra resultat for kommunen totalt sett. Sidan 2009 og fram til 2015 har sjukefråværet vore mellom 8,9 % og 7,6%. I Kvinnherad kommunen vert om lag 80 prosent av alle årsverk utført av kvinner. Av naturlege årsaker har kvinner høgare sjukefråvæer enn menn. Hjø oss er sjukefråværet blant menn 2,9 prosent og 9,2 prosent for kvinner i 2016. Kommunen er ei IA-verksemd (inkluderande arbeidsliv) og arbeider tett med NAV-arbeidslivsenter. I dette arbeidet er det fokus på førebygging og tilrettelegging i tillegg til å fylgje opp kvar einiskild arbeidstakar. Inkluderande arbeidsliv er eit samarbeid som er forankra hjå tre partar (arbeidstakar/arbeidsgjevar og stat). Det er difor av stor verdi at vi også på kommunenivå har god dialog med fagforeiningane og NAV i dette arbeidet. Dei tilsette sine representantar sine bidrag er svært positive i dette arbeidet.

Ser vi meir i detaljert på sjukefråværestala frå 2017 ser vi store variasjonar frå eining til eining. Det positive er at vi er nå er svært nær å nå det som partane lokalt i 2014 sette som mål innan 2017. Her var målet eit samla sjukefråvæer på under 7% og at ingen fagområde skal ha over 10 %. I løpet av 2017 er det tre einingar som har hatt over 10 %, og det er Husnestunet, Heimeteneste Sør og Heimeteneste Nord.

Mange av einingane arbeider målretta for å få ned sjukefråværet. Det viktigaste arbeidet skjer her i møte mellom arbeidstakar og leiar. Det blei også gjennomført miniseminar med fokus på sjukefråvæersoppfølging for rundt 90 personer i kommunen. Grappa bestod av leiarar, mellomleiarar, verneombod og tillitsvalde.

Sykefravær:	Sykemeld 1-16 dgr		Sykemeld >=17 dgr		Egenmelding 1-48 dgr		Totalt	
	Antall	Prosent	Antall	Prosent	Antall	Prosent	Antall	Prosent
Sektor Oppvekst	978,4	1,1	5 101,1	5,7	1 260,4	4,0	7 426,5	8,2
Barnehage	398,5	1,6	1 344,2	5,5	389,1	1,6	2 136,3	8,7
Skule	414,2	0,7	2 710,1	4,5	689,3	1,2	3 886,2	6,5
Barn og Familie	165,7	1,1	1 046,8	7,0	182,0	1,2	1 404,0	9,3
Sektor omsorg Helse og S	1 415,4	1,1	8 820,1	7,0	1 521,8	1,2	11 807,8	9,4
Husnestunet	238,0	1,3	2 082,4	11,7	317,0	1,8	2 651,1	14,9
Rosendalstunet	107,6	0,7	804,4	5,0	179,6	1,1	1 091,6	6,8
Halsnøytunet	142,7	1,6	409,0	4,7	102,3	1,2	653,9	7,6
Heimeteneste Sør	196,2	1,5	1 103,4	8,6	210,1	1,6	1 510,6	11,7
Heimeteneste Nord	110,3	1,0	929,5	8,2	133,5	1,2	1 173,3	10,4
Sektor Teknikk og Miljø	196,3	0,9	1 013,5	4,6	227,0	1,0	1 441,5	6,6
Seksjon Kultur, Næring	4,5	0,3	-	-	8,0	0,2	12,5	0,5
Seksjon Forvaltning	24,6	1,1	15,0	0,6	19,3	0,8	58,9	2,5
Løn og personal	7,0	0,3	0,5	-	10,0	0,5	17,5	0,8
Stab	122,0	2,0	53,7	0,9	54,6	0,9	230,3	3,8
Kommune totalt	2 796,2	1,0	15 266,0	5,7	3 163,6	1,2	21 384,0	8,0
Menn	268,7	0,6	753,9	1,6	378,7	0,8	1 403,0	2,9
Kvinner	2 527,5	1,2	14 512,0	6,7	2 784,9	1,3	19 981,0	9,2

3.4 Rekneskap

3.4.1. Oversikt rekneskap skjema 1a

	Rekneskap 2017	Reg. budsjett 2017	Oppr. budsjett 2017	Regnskap 2016
Regnskapsskjema 1A - drift				
Skatt på inntekt og formue	318 914 443	321 507 000	362 867 000	360 797 822
Ordinært rammetilskudd	388 283 858	374 743 000	358 383 000	355 598 000
Skatt på eiendom	73 475 188	73 300 000	73 300 000	80 011 810
Andre direkte eller indirekte skatter	34 214 068	34 100 000	9 100 000	9 030 059
Andre generelle statstilskudd	109 856 559	92 358 650	78 100 800	68 864 410
Sum frie disponible inntekter	924 744 117	896 008 650	881 750 800	874 302 101
Renteinntekter og utbytte	15 569 136	13 548 602	13 248 602	13 382 040
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	65 213 027	20 000 000	20 000 000	20 757 526
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	30 115 910	38 799 911	38 799 911	30 326 159
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	424 747	-	-	-
Avdrag på lån	52 452 416	52 440 000	52 440 000	41 595 547
Netto finansinnt./utg.	-2 210 910	-57 691 309	-57 991 309	-37 782 140
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-
Til ubundne avsetninger	15 920 321	10 000 000	-	52 325 913
Til bundne avsetninger	8 806 317	691 947	11 209 505	2 271 878
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	21 020 321	-	-	56 325 913
Bruk av ubundne avsetninger	22 360 000	22 360 000	15 500 000	10 291 000
Bruk av bundne avsetninger	1 431 803	4 647 864	4 647 864	5 240 699
Netto avsetninger	20 085 486	16 315 917	8 938 359	17 259 822
Overført til investeringsregnskapet	15 100 000	-	-	8 974 271
Til fordeling drift	927 518 693	854 633 258	832 697 850	844 805 511
Til fordeling drift korrigert	910 348 747	823 144 587	815 984 587	851 513 513
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	820 082 085	823 144 587	815 984 587	830 493 192
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	-90 266 662	-	-	-21 020 321

3.4.2. Oversikt rekneskap skjema 1b

	Regnskap 2017	Buds(end) 2017	Avvik kr	Forbruk %
300 Sektor Oppvekst	338 543 958	336 938 377	1 605 581	100,5
400 Sektor Omsorg Helse og Sosial	333 416 558	340 436 084	-7 019 526	97,9
500 Sektor Teknikk og Miljø	74 484 909	73 886 785	598 124	100,8
600 Stab	37 209 317	37 787 135	-577 818	98,5
620 Seksjon løn og personal	10 613 303	10 389 669	223 634	102,2
640 Seksjon Kultur, Næring og Utvikling	17 121 330	17 449 579	-328 249	98,1
660 Seksjon forvaltning	2 167 540	1 049 225	1 118 315	206,6
700 Politikk	6 525 172	5 207 733	1 317 439	125,3
900 Inntekter, finans	-820 082 085	-823 144 587	3 062 502	99,6
TOTALT	0	0	0	0

3.4.3. Oversikt rekneskap skjema 2a investeringar

	Rekneskap 2017	Reg. budsjett 2017	Oppr.budsjet 2017	Regnskap 2016
Regnskapsskjema 2A - investering				
Investeringer i anleggsmidler	303 845 450	464 183 481	348 266 150	143 995 711
Utlån og forskutteringer	19 007 389	25 000 000	25 000 000	18 600 317
Kjøp av aksjer og andeler	3 511 743	1 951 139	2 600 000	3 248 861
Avdrag på lån	31 056 810	-	-	4 846 826
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	-
Avsetninger	28 527 000	-	-	14 780 553
Årets finansieringsbehov	385 948 393	491 134 620	375 866 150	185 472 268
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	241 266 057	373 350 985	315 366 150	111 206 914
Inntekter fra salg av anleggsmidler	2 162 513	1 839 975	1 500 000	298 499
Tilskudd til investeringer	16 262 144	-3 182 973	-	7 548 973
Kompensasjon for merverdiavgift	45 832 272	66 426 289	56 400 000	22 790 733
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	37 393 359	47 900 344	-	33 930 531
Andre inntekter	-	-	-	-
Sum ekstern finansiering	342 916 345	486 334 620	373 266 150	175 775 652
Overført fra driftsregnskapet	15 100 000	2 200 000	-	8 974 271
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-	-
Bruk av avsetninger	27 932 048	2 600 000	2 600 000	722 345
Sum finansiering	385 948 393	491 134 620	375 866 150	185 472 268

3.4.4. Balanse

	Regnskap 2017	Regnskap 2016
EIENDELER		
Anleggsmidler	3 120 492 732	2 781 551 710
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	1 528 142 704	1 285 441 260
Utstyr, maskiner og transportmidler	39 535 269	30 653 791
Utlån	188 267 655	189 118 246
Konserninterne langsiktige fordringer	-	-
Aksjer og andeler	39 185 987	35 674 244
Pensjonsmidler	1 325 361 117	1 240 664 168
Omløpsmidler	1 045 722 241	903 738 134
Herav:		
Kortsiktige fordringer	64 634 934	58 135 831
Konterninterne kortsiktige fordringer	-	-
Premieavvik	61 860 020	60 140 091
Aksjer og andeler	481 584 000	649 930 000
Sertifikater	112 105 000	-
Obligasjoner	121 357 000	-
Derivater	-	-
Kasse, postgiro, bankinnskudd	204 181 288	135 532 212
SUM EIENDELER	4 166 214 973	3 685 289 844
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	806 175 813	609 495 852
Herav:		
Disposisjonsfond	119 064 129	128 103 808
Bundne driftsfond	40 827 292	33 452 778
Ubundne investeringsfond	24 291 243	9 191 243
Bundne investeringsfond	442 602 350	454 507 398
Regnskapsmessig mindreforbruk	90 266 662	21 020 321
Regnskapsmessig merforbruk	-	-
Udisponert i inv.regnskap	-	-
Udekket i inv.regnskap	-	-

Kapitalkonto	103 510 191	-22 393 640
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	-	-
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	-14 386 055	-14 386 055
Langsiktig gjeld	3 154 302 588	2 892 017 453
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	1 627 566 847	1 572 286 487
Ihendehaverobligasjonslån	-	-
Sertifikatlån	-	-
Andre lån	1 526 735 740	1 319 730 966
Konsernintern langsiktig gjeld	-	-
Kortsiktig gjeld	205 736 573	183 776 539
Herav:		
Kassekredittlån	-	-
Annen kortsiktig gjeld	196 535 180	174 292 541
Derivater	-	-
Konsernintern kortsiktig gjeld	-	-
Premieavvik	9 201 393	9 483 997
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	4 166 214 973	3 685 289 844
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	137 478 770	88 225 137
Herav:		
Ubrukte lånemidler	136 851 092	88 225 137
Ubrukte konserninterne lånemidler	-	-
Andre memoriakonti	627 678	-
Motkonto for memoriakontiene	-137 478 770	-88 225 137

3.4.5. Økonomisk oversikt drift

	Rekneskap 2017	Reg. budsjett 2017	Oppr.budsjet 2017	Regnskap 2016
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	39 230 626	39 360 134	39 360 134	39 636 573
Andre salgs- og leieinntekter	120 276 139	98 104 783	98 104 783	114 427 191
Overføringer med krav til motytelse	100 699 801	83 861 938	83 488 938	90 543 860
Rammetilskudd	388 283 858	374 743 000	358 383 000	355 598 000
Andre statlige overføringer	109 856 559	92 358 650	78 100 800	68 864 410
Andre overføringer	509 450	145 000	145 000	1 846 745
Skatt på inntekt og formue	318 914 443	321 507 000	362 867 000	360 797 822
Eiendomsskatt	73 475 188	73 300 000	73 300 000	80 011 810
Andre direkte og indirekte skatter	34 214 068	34 100 000	9 100 000	9 030 059
Sum driftsinntekter	1 185 460 132	1 117 480 505	1 102 849 655	1 120 756 470
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	664 004 038	640 146 395	631 775 395	627 836 871
Sosiale utgifter	155 233 534	195 265 513	195 290 513	149 105 526
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	161 062 200	136 937 993	135 028 435	169 836 133
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	103 535 949	79 305 593	78 386 593	105 206 857
Overføringer	42 878 421	48 271 164	36 904 314	44 338 517
Avskrivninger	51 641 893	10 151 000	10 151 000	48 354 853
Fordelte utgifter	-28 790 059	-34 059 545	-33 826 545	-26 259 185
Sum driftsutgifter	1 149 565 976	1 076 018 113	1 053 709 705	1 118 419 571
Brutto driftsresultat	35 894 157	41 462 392	49 139 950	2 336 899
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	15 569 136	13 548 602	13 248 602	13 382 040
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	65 213 027	20 000 000	20 000 000	20 757 526
Mottatte avdrag på utlån	37 311	73 000	73 000	15 729
Sum eksterne finansinntekter	80 819 474	33 621 602	33 321 602	34 155 295
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	30 115 910	38 799 911	38 799 911	30 326 159
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	424 747	-	-	-
Avdrag på lån	52 452 416	52 440 000	52 440 000	41 595 547
Utlån	81 275	160 000	160 000	190 570
Sum eksterne finansutgifter	83 074 348	91 399 911	91 399 911	72 112 277
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-2 254 873	-57 778 309	-58 078 309	-37 956 981
Motpost avskrivninger	51 641 893	-	-	48 354 853
Netto driftsresultat	85 281 177	-16 315 917	-8 938 359	12 734 771
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	21 020 321	-	-	56 325 913
Bruk av disposisjonsfond	22 360 000	22 360 000	15 500 000	10 291 000
Bruk av bundne fond	1 431 803	4 647 864	4 647 864	5 240 699
Sum bruk av avsetninger	44 812 124	27 007 864	20 147 864	71 857 612
Overført til investeringsregnskapet	15 100 000	-	-	8 974 271
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	15 920 321	10 000 000	-	52 325 913
Avsatt til bundne fond	8 806 317	691 947	11 209 505	2 271 878
Sum avsetninger	39 826 638	10 691 947	11 209 505	63 572 062
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	90 266 662	-	-	21 020 321